



Årdal kommune

Formannskapet

MØTEPROTOKOLL

Møtedato: 11.06.2026

Møtetid: Kl. 09:00 – 12:30

Møtestad: Kommunestyresalen

Saksnr.: 057/26 – 072/26

Følgjande medlem møtte	Parti
Anita Hagen Lægreid	AP
Anne Kauppi	AP
Christian Sønstlien	AP
Marie-Helene H. Brandsdal	AP
Knut Arne Klingenberg	H
Trude Gjermo	H

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Geir Kjetil Øvstetun	AP	Jasmin Eminovic	AP

Sak nr.	Ugild	Følgjande varamedlem møtte
065/26	Jasmin Eminovic	Ingen vara møtte

Møteleiar:	Orfører Christian Sønstlien
Frå adm. møte:	Kommunedirektør Mette Hestetun Berg, økonomisjef Norunn Haugen Johannes Henrik Myrmel (Norconsult) for orientering om arealplan
Synfaring:	Synfaring i Naddvik kl. 08.00 i samband med Fsak 059/26

Sakliste

Sak nr	Sakstittel
PS-057/26	Konstituering
PS-058/26	Drøftingsutkast - Rullering av arealdelen til kommuneplanen - Årdal kommune
PS-059/26	Andre gongs handsaming - Søknad om dispensasjon på gnr 3 bnr 2 - Vikadalsvegen 787
PS-060/26	Søknad om dispensasjon på gnr 13 bnr 1 - Stølsmaradalen
PS-061/26	Søknad om dispensasjon på gnr 10 bnr 1 - Holsbru
PS-062/26	Kommunedelplan naturmangfald - utlegging på høyring
PS-063/26	Gebyrforskrift private planforslag, bygge- og delesaker, oppmåling og seksjonering
PS-064/26	Lokal forskrift om sakshandsaming- og kontrollgebyr etter forureiningsforskrifta, Årdal kommune
PS-065/26	Søknad om støtte frå fond for vilt, fisk og friluftsliv til seminar om hjortevilt som matressurs
PS-066/26	TV-aksjonen 2026 - oppretting av kommunekomite og søknad om økonomisk bidrag
PS-067/26	1. tertialrapport 2026 med budsjettendring
PS-068/26	Orienteringssaker
PS-069/26	Samlesak for delegerte byggesaker
PS-070/26	Samlesak for delegerte saker
PS-071/26	Samlesak for delegerte skjenke og serveringssaker
PS-072/26	Søknad om dispensasjon på gnr 18 bnr 138 (fnr 1) - Jotunvegen 8, 6884 Øvre Årdal

Saksnr.	Utval	Møtedato
057/26	Formannskapet	11.06.2026

Sakshandsamar: Laila Irene Røneid

Arkiv:

Arkivsak: 26/808 -
Ugyldig flettefelt

Konstituering

1. Opning av møte
2. Godkjenning av innkalling
3. Godkjenning av sakliste
4. Møteprotokoll - det skal veljast to personar som skal underskrive møteprotokollen digitalt i lag med ordførar.

11.06.2026 Formannskapet

Ingen merknad til innkalling og sakliste.

Framlegg på Anne Kauppi, AP og Knut Arne Klingenberg, H til å godkjenne og signere møteprotokoll i lag med ordførar.
Samrøystes.

Fskap - 057/26 Vedtak

Innkalling og sakliste godkjent utan merknad.

Anne Kauppi, AP og Knut Arne Klingenberg, H skal godkjenne og signere møteprotokoll i lag med ordførar.

Saksnr.	Utval	Møtedato
058/26	Formannskapet	11.06.2026

Sakshandsamar: Sebastian Hjertager Lund

Arkiv:

Arkivsak: 20/1522

- Ugyldig flettefelt

Drøftingsutkast - Rullering av arealdelen til kommuneplanen - Årdal kommune

Saka gjeld

Saka gjeld drøftingsutkast til ny arealdel til kommuneplanen for Årdal kommune.

Bakgrunn

For å sikre god medverknad i det vidare planarbeidet har administrasjonen, i samråd med Norconsult, valt å legge til rette for brei involvering med utgangspunkt i eit drøftingsutkast. Utkastet er planlagt sendt ut til ein førehandsdiskusjon. Innspela frå denne fasen vil danne grunnlag for utarbeiding av eit endeleg planframlegg med eventuelle alternativ, som vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Det endelege planframlegget vil omfatte eit samla plankart med føresegner for heile kommunen, samt ein tekstdel med mål, prinsipp og ei kort oppsummering av vesentlege verknader. I tillegg vil det følgje ei konsekvensutgreiing, som gjer greie for vurderte alternativ og konsekvensane av desse.

Det er lagt opp til brei medverknad i drøftingsfasen, med informasjonsmøte, grendemøte og temamøte med utvalde styresmakter. I tillegg skal kommunen presentere drøftingsutkastet for planforum i august 2026.

Tilbakemeldingar og supplerande informasjon til drøftingsutkastet og den førebelse konsekvensutgreiinga vil danne grunnlaget for ferdigstilling av konsekvensutgreiinga og utarbeiding av planframlegget, med eventuelle alternativ for utvalde område.


Drøfting

Arealdelen til kommuneplanen skal vere ein overordna plan som fastsett rammene for arealbruken i kommunen. Saman med samfunnsdelen til kommuneplanen er den det viktigaste styringsverktøyet for utvikling og utbygging i kommunen.

Det endelege planframlegget skal vere ein overordna og strategisk plan, utforma som eit politisk styringsverktøy. For nye/framtidige utbyggingsområde vert det lagt til grunn at arealbruken vert følgt opp med detaljreguleringsplanar.

Hovudutfordringar og sentrale problemstillingar

1. Ivareta sentrale omsyn til sentrums- og tettstadutvikling, mellom anna gjennom å sikre tilstrekkeleg areal til bustader, nærings- og industriareal og offentlege føremål.
2. Gå gjennom føresegnene og utviklingsstrategiane for å tilpasse dei til endra mål og strategiar i samfunnsdelen, og samstundes sikre effektiv arealbruk samt unngå unødvendig saksbehandling.
3. Leggje til rette for vidare utvikling av fritids- og reisemål, i tråd med samfunnsmåla i samfunnsdelen.
4. Klargjere ein strategi for både intern og ekstern kommunikasjon som støttar opp under berekraftig arealbruk og «smart» mobilitet.
5. Sikre areal for deponi og mellomlagring, slik at massar kan nyttast på ein samfunnsmessig god måte.
6. Konkretisere kommunen sin areal- og utbyggingspolitikk.



Figur 1: Planhierarki og gjennomføring av tiltak.

Den reviderte planen skal bestå av eit plankart med tilhøyrande planføresegner for heile kommunen, samt ein tekstdel som omtalar mål, prinsipp og vesentlege verknadar av planen. Planen inneheld òg retningslinjer og planstrategiar. Retningslinjene er ikkje juridisk bindande, men gjev uttrykk for korleis kommunestyret ynskjer at føresegnene skal praktiserast. Føremålet med planstrategiane er å synleggjere potensialet i ulike område og initiere

prosessar der rammene for vidare utvikling av Årdal som eit robust og funksjonelt lokalsamfunn vert lagde, samstundes som omsynet til heilskap vert ivareteke.

Planen skal leggjast til grunn for vidare detaljplanlegging, både knytt til vern og utbygging. Den skal òg gje føringar for den løpande handsaminga av byggje- og delingssaker. For område som er bandlagde i planen er verknaden av arealdelen avgrensa til fire år frå vedtakstidspunktet.

Kommuneplanen vil ikkje vere avklarande i forholdet til automatisk freda kulturminne. Dette skal avklarast gjennom reguleringsplanar (område- eller detaljregulering) innanfor framtidige utbyggingsområde.

Ved godkjenning av kommuneplanen vil det i tillegg verte gjort særskilt vedtak om at §§ 9 (omdisponering) og 12 (deling) i jordlova gjeld innanfor landbruks-, natur- og friluftsområde for spreidd fritidsbusetnad.

Det er som del av arbeidet gjennomført «planvask». Planvask inneber ein systematisk gjennomgang av eldre arealplanar for å vurdere om dei bør vidareførast, endrast eller opphevast. Kommunen har gått gjennom 92 reguleringsplanar, der 32 er foreslått oppheva. I tillegg er det gjennomført ein tilsvarande planvask av arealbruken i kommuneplanen vedteken i 2012. For alle planane er det gjort ei vurdering opp mot statlege og regionale planretningslinjer. Planar som ikkje er i samsvar med desse, vert vurderte for oppheving, særleg der det er klare manglar knytt til planretningslinjene, eller der plankart og/eller føresegner manglar.

Ein viktig premiss i oppheivingsvurderinga har vore å behalde planar som sikrar byggegrenser og utbyggingsmønster i utbygde eller nær utbygde regulerte område. For eksisterande bygg innanfor regulerte område der oppheving vert vurdert, er det lagt til grunn at utbyggingsmønsteret og høvet til å gjennomføre tiltak skal ivaretakast i ny KPA. Kommunen har i den samanhengen òg vurdert å implementere byggegrenser direkte i plankartet til KPA.

I tillegg er det utarbeidd ei oversikt over vedtekne planar som vert vidareførte. Denne ligg som vedlegg til planføresegnene. For gjennomføringsplanar (område- og detaljreguleringsplanar) eldre enn 10 år skal det gjerast ei konkret vurdering av om planen framleis er aktuell, der vurderingane i prinsippet fell saman med dei vurderingane som er gjort gjennom arbeidet med planvasken, men avgrensa til nye rikspolitiske føresegner, statlege planføresegner eller statlege planretningslinjer. Formålet er å sikre at plangrunnlaget er i tråd med statlege og regionale føringar før søknadar vert tekne til handsaming.

Tilråding:

Formannskapet sluttar seg til drøftingsutkastet, og godkjenner utkastet til utsending på førehandskonferanse.

Drøftingsutkastet byggjer på planprogrammet fastsett av kommunestyret 07. oktober 2021 (sak 046/21), innspel til varsel om oppstart og merknader til planprogrammet politiske prinsippdiskusjonar og førebelse resultat av utgreiingsarbeid.

11.06.2026 Formannskapet

Tilråding vart teken opp til røysting.
Samrøystes.

Fskap - 058/26 Vedtak

Formannskapet sluttar seg til drøftingsutkastet, og godkjenner utkastet til utsending på førehandskonferanse.

Drøftingsutkastet byggjer på planprogrammet fastsett av kommunestyret 07. oktober 2021 (sak 046/21), innspel til varsel om oppstart og merknader til planprogrammet politiske prinsippdiskusjonar og førebelse resultat av utgreiingsarbeid.

Vedlegg:

Plankart_KPA_2026-2033_Alternativ_1_Utladalen_med_teikgnforklaring

Konsekvensutgreiing Årdal_B02

Plankart_KPA_2026-2033_Alternativ_2_Seimsåsen

Planomtale Årdal_B02

Plankart_KPA_2026-2033_Alternativ_1_Øvre_Årdal_med_teikgnforklaring

Planføresegner_Årdal_B02

Plankart_KPA_2026-2033_Alternativ_1_Årdalstangen_med_teikgnforklaring

Plankart_KPA_2026-2033_Alternativ_1_Hele_kommunen

Plankart_KPA_2026-2033_Alternativ_1_Hele_kommunen_med_teikgnforklaring

Plankart_KPA_2026-2033_Alternativ_1_Holsbru_og_Biskopvatnet_med_teikgnforklaring

Plankart_KPA_2026-2033_Alternativ_1_Loi_og_Vassbugen_med_teikgnforklaring

Plankart_KPA_2026-2033_Alternativ_1_Seimsdalen_og_Seimsåsen_med_teikgnforklaring

Plankart_KPA_2026-2033_Alternativ_2_Sletterust_og_Tyedalen_med_teikgnforklaring

Revisjon av kommuneplanens arealdel – vurdering av ikkje-utbygde område

Planvask - reguleringsplanar, Årdal kommune

Saksnr.	Utval	Møtedato
059/26	Formannskapet	11.06.2026

Sakshandsamar: Sebastian Hjertager Lund

Arkiv:

Arkivsak: 26/15 -
Ugyldig flettefelt

Andre gongs handsaming - Søknad om dispensasjon på gnr 3 bnr 2 - Vikadalsvegen 787

Saka gjeld

Saka gjeld andre gongs handsaming av dispensasjonssøknad for oppføring av eit nytt bustadhus på gnr 3 bnr 2. Saksframlegget var meldt opp i sak 036/26, men vart sendt tilbake til administrasjonen for ei ny vurdering.

Bakgrunn

Opphавеleg saksframlegg vart sendt tilbake til administrasjonen for ei ny vurdering, og det vart lagt til følgjande punkt i tilrådinga:

1. Formannskapet sender saka tilbake til administrasjonen for vidare utgreiing. Formannskapet syner til at søkjar har kome med nye utdjupande opplysningar kring historikken for tomta, og for dei tilhøva som eksisterande planverk skulle ta omsyn til. I tillegg ynskjer formannskapet ei særskilt vurdering av tilhøvet til Statleg planretningsline for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø, og kva handlingsrom kommunen har til å utøve skjønn. Om formannskapet skulle ynskje å imøtekome søknaden ber me administrasjonen førebu ei grunngjeving som inneheld nødvendige vurderingar for å støtte krava til grunngjeving i slike saker.
2. Formannskapet ynskjer å gjennomføre ein synfaring i forbindelse med saka.

Drøfting

Administrasjonen har gjennomført ein ny gjennomgang av saka med tilhøyrande dokument, høyringssvar og ny tilleggsinformasjon frå tiltakshavar.

Nye opplysningar

Tiltakshavar opplyser om at tomta vart frådelt i 1968 som bustadtomt, og har lagt ved skyldskiftebrev. Tomta har sidan 1968 nytta bruksnummer 30, ikkje 2, men dette er ikkje lagt inn i matrikkelen. Dette er ikkje informasjon som har betydning for vurderinga i saka.

Tiltakshavar påpeikar på nytt at friområde/leikeplassføremål i reguleringsplanen i praksis er bortfalt, då det er opparbeidd nærleikeplass ein annan stad i Naddvik. Dette er ikkje dokumentert, og administrasjonen kan difor ikkje leggje det til grunn.

Det vert vidare peikt på at store delar av planområdet ligg inne som bustadområde i kommuneplanen, medan berre ein mindre del ligg inne som småbåthamn. Jf. § 1-1 i gjeldande kommuneplan skal reguleringsplan for Holebyen (planID: 4643_1424-1993001) gjelde fullt ut. Dvs. at føresegna og arealføremåla i reguleringsplanen har forkøyringsrett framfor kommuneplanen.

Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona

Både formannskapet og tiltakshavar har etterlyst ei vurdering av saka opp mot statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona (SPR).

Årdal kommune er plassert i kategori 3 i SPR, som gjeld kommunar med mykje strandsone og lite utbyggingspress. Dette er den minst strenge kategorien, og opnar for eit noko vidare kommunalt skjønn enn i pressområde. Likevel krev SPR at tiltak i 100-metersbeltet alltid skal vurderast konkret mot omsynet til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.

Strandsona i Naddvik er om lag 1,2 km lang, og om lag halvparten av denne er allereie bebygd. Naddvik er saman med Seimsdalen og Ofredal, ein av dei få stadene i kommunen med reell strandsone som kan nyttast til friluftsliv og rekreasjon. Strandområdet i Seimsdalen er statleg sikra som friområde, medan strandsona i Ofredal er regulert til LNFR-område med viktige kulturminneinteresser. Den gjenverande tilgjengelege strandsona i kommunen er såleis svært avgrensa.

Oppføring av bustadhus på omsøkt tomt vil innebere ein auka privatisering av strandsona, og er etter administrasjonen si vurdering ikkje i tråd med SPR § 8.2. Det vert òg synt til SPR § 8.3, som legg til grunn at nye bustader ikkje skal tillatast på areal som har vesentleg betydning for natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og allmenne interesser. Både Vestland fylkeskommune som kulturminnemynde og Statsforvaltaren som overordna høyringsinstans for m.a. naturområde og plan rår i frå å gje dispensasjon, noko som stettar administrasjonen sin vurdering i saka.

Tiltakshavar argumenterer for at tomte allereie er bebygd, og at tiltaket difor ikkje inneber bruk av ny strandsone. Dette er formelt korrekt, men gjev eit ufullstendig bilete av situasjonen. Det eksisterande bygget er eit naust med kulturminneverdi, registrert i SEFRAK-registeret, og ikkje ein privatbustad. Tiltaket inneber difor ikkje ei nøytral utskifting av bygningsmasse, men ein bruksendring frå tradisjonelt kystbruk til privatbustad, samstundes som eit kulturhistorisk bygg går permanent tapt. Dette er ein irreversibel konsekvens som veg tungt i avveginga av fordelar mot ulemper jf. pbl. § 19-2, og som etter administrasjonen sitt syn gjer at omsyna bak byggeforbodet vert meir, ikkje mindre, tilsidesett samanlikna med situasjonen i dag.

Administrativ vurdering

Samla sett vurderer administrasjonen at det ikkje ligg føre nye moment, korkje i SPR eller i det nye følgjebrevet som tilseier at den opphævelege tilrådinga bør endrast.

Kommunedirektøren tilrår at opphæveleg tilråding vert ståande uendra.

Tilråding:

Formannskapet finn, på bakgrunn av det som går fram av saka, at vilkåra for å gje dispensasjon ikkje er oppfylte. Formannskapet gjev ikkje dispensasjon til oppføring av nytt bustadhus på gnr 3 bnr 2, Vikadalsvegen 787.

11.06.2026 Formannskapet

Ny tilråding, foreslått av Anne Kauppi, Arbeiderpartiet

Årdal kommune gjev som omsøkt i søknad datert 16.02.2026, med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, dispensasjon frå arealformål, byggegrense mot veg og sjø i reguleringsplan for Holebyen–Naddvik og pbl. § 1-8 (100-metersbeltet) for oppføring av bustadhus på gbnr. 3/2 i Naddvik.

Vilkår

- Geoteknisk vurdering av kvikkleireskredfare etter NVE rettleiar 1/2019 skal leggjast fram og godkjennast av kommunen før rammeløyve kan gjevast.
- Tiltaket skal ikkje hindre allmenn ferdsel langs sjøen, og det skal ikkje etablerast stengsel, murar, hekkar eller andre privatiserande tiltak.
- Bygget skal tilpassast naustmiljøet når det gjeld volum, høgde, materialbruk og farge.
- Det er ikkje tillate med ytterlegare terrenginngrep eller tiltak i strandsona utan ny handsaming.
- Eksisterande SEFRAK-registrert bygg skal dokumenterast før riving.
- Parkering og tilkomst skal løysast utan å beslagleggje strandsoneareal.
- Bygget skal plasserast mest mogleg tilbaketrekt innanfor tomta.

Grunngjeving

1. Rettsleg utgangspunkt

Formannskapet viser til plan- og bygningslova § 19-2. Dispensasjon kan gjevast dersom omsyna bak føresegnene det blir dispensert frå ikkje vert vesentleg tilsidesette, og fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene. Begge vilkåra må vere oppfylte.

2. Forholdet til gjeldande planar

Tiltaket er i strid med reguleringsplan for Holebyen–Naddvik frå 1993 og delvis i strid med kommuneplanens arealdel. Formannskapet legg vekt på at reguleringsplanen er av eldre dato og i avgrensa grad reflekterer dagens faktiske arealbruk. Området framstår i dag som del av eit etablert bygningsmiljø med naust og spreidd bustadbygging. Arealformåla leik og naust er ikkje fullt ut realiserte. Etter ei konkret vurdering meiner formannskapet at omsynet til planen som styringsverktøy vert svekka i denne saka.

3. Vurdering av strandsoneomsyn

Tiltaket ligg innanfor 100-metersbeltet langs sjø. Formannskapet legg til grunn at området er allereie utbygd og har karakter av eit etablert naust- og bustadmiljø. Tiltaket representerer ei fortetting og tilpassing snarare enn ny utbygging i urørt strandsone. Området er i avgrensa grad tilgjengeleg for allmenta, og tiltaket vil ikkje i vesentleg grad endre dette. Med dei vilkåra som er sette, vert ikkje omsyna bak strandsonevernet vesentleg tilsidesette.

4. Vurdering av Statsforvaltaren si fråsegn

Statsforvaltaren rår frå dispensasjon, særleg av omsyn til strandsonevern, planstatus og fare for privatisering. Formannskapet er samd i at desse omsyna er viktige, men meiner at denne saka skil seg ut ved at tiltaket skjer i eit allereie utbygd område. Formannskapet vurderer at tiltaket ikkje medfører vesentleg ytterlegare privatisering, særleg sett i lys av vilkåra som er

sette. Når det gjeld planstatus, meiner formannskapet at alderen på reguleringsplanen og manglande realisering av føremåla gir grunnlag for dispensasjon i denne konkrete saka.

5. Naturmangfald

Formannskapet har vurdert saka etter naturmangfaldlova §§ 8–12. Det er ikkje registrert sårbare naturtypar eller artar i området. Kunnskapsgrunnlaget vert vurdert som tilstrekkeleg, og tiltaket har avgrensa påverknad. Prinsippa i naturmangfaldlova er dermed ivaretekne.

6. Fordelar og ulemper

Fordelane ved tiltaket er knytt til effektiv arealutnytting, fortetting i etablert område og styrking av busetnad i lokalsamfunnet.

Formannskapet syner til at det er opparbeida leikeplass med ballplass lenger sør i Hola i Naddvik, gnr 3 bnr 47, og meiner at dette planbehovet er løyst. Formannskapet har vore på synfaring av området og leikeplassen visuelt, og meiner dette er tilstrekkeleg dokumentasjon på at behovet er løyst. Leikeplassen ligg ca 250 meter sør for det regulerte leikeområdet. Ulempene er knytt til avvik frå planar og ein viss auke i privatiseringspreg. Etter ei samla vurdering meiner formannskapet at fordelane er klart større enn ulempene.

7. Samla vurdering

Etter ei samla vurdering finn formannskapet at vilkåra i plan- og bygningslova § 19-2 er oppfylte, og dispensasjon vert gjeve.

Anne Kauppi, AP fremja forslag til ny tilråding.

Tilråding frå kommunedirektør vart teken opp til røysting mot framlegg frå Anne Kauppi, AP. Røysting.

Tilråding frå kommunedirektør falt mot 7 røyster.

Fskap - 059/26 Vedtak

Årdal kommune gjev som omsøkt i søknad datert 16.02.2026, med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, dispensasjon frå arealformål, byggegrense mot veg og sjø i reguleringsplan for Holebyen–Naddvik og pbl. § 1-8 (100-metersbeltet) for oppføring av bustadhus på gbnr. 3/2 i Naddvik.

Vilkår

- Geoteknisk vurdering av kvikkleireskredfare etter NVE rettleiar 1/2019 skal leggjast fram og godkjennast av kommunen før rammeløyve kan gjevast.
- Tiltaket skal ikkje hindre allmenn ferdsel langs sjøen, og det skal ikkje etablerast stengsel, murar, hekkar eller andre privatiserande tiltak.
- Bygget skal tilpassast naustmiljøet når det gjeld volum, høgde, materialbruk og farge.
- Det er ikkje tillate med ytterlegare terrenginngrep eller tiltak i strandsona utan ny handsaming.
- Eksisterande SEFRAK-registrert bygg skal dokumenterast før riving.
- Parkering og tilkomst skal løysast utan å beslagleggje strandsoneareal.
- Bygget skal plasserast mest mogleg tilbaketrekt innanfor tomta.

Grunngjeving

1. Rettsleg utgangspunkt

Formannskapet viser til plan- og bygningslova § 19-2. Dispensasjon kan gjevast dersom omsyna bak føresegnene det blir dispensert frå ikkje vert vesentleg tilsidesette, og fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene. Begge vilkåra må vere oppfylte.

2. Forholdet til gjeldande planar

Tiltaket er i strid med reguleringsplan for Holebyen–Naddvik frå 1993 og delvis i strid med kommuneplanens arealdel. Formannskapet legg vekt på at reguleringsplanen er av eldre dato og i avgrensa grad reflekterer dagens faktiske arealbruk. Området framstår i dag som del av eit etablert bygningsmiljø med naust og spreidd bustadbygging. Arealformåla leik og naust er ikkje fullt ut realiserte. Etter ei konkret vurdering meiner formannskapet at omsynet til planen som styringsverktøy vert svekka i denne saka.

3. Vurdering av strandsoneomsyn

Tiltaket ligg innanfor 100-metersbeltet langs sjø. Formannskapet legg til grunn at området er allereie utbygd og har karakter av eit etablert naust- og bustadmiljø. Tiltaket representerer ei fortetting og tilpassing snarare enn ny utbygging i urørt strandsone. Området er i avgrensa grad tilgjengeleg for allmenta, og tiltaket vil ikkje i vesentleg grad endre dette. Med dei vilkåra som er sette, vert ikkje omsyna bak strandsonevernet vesentleg tilsidesette.

4. Vurdering av Statsforvaltaren si fråsegn

Statsforvaltaren rår frå dispensasjon, særleg av omsyn til strandsonevern, planstatus og fare for privatisering. Formannskapet er samd i at desse omsyna er viktige, men meiner at denne saka skil seg ut ved at tiltaket skjer i eit allereie utbygd område. Formannskapet vurderer at tiltaket ikkje medfører vesentleg ytterlegare privatisering, særleg sett i lys av vilkåra som er sette. Når det gjeld planstatus, meiner formannskapet at alderen på reguleringsplanen og manglande realisering av føremåla gir grunnlag for dispensasjon i denne konkrete saka.

5. Naturmangfald

Formannskapet har vurdert saka etter naturmangfaldlova §§ 8–12. Det er ikkje registrert sårbare naturtypar eller artar i området. Kunnskapsgrunnlaget vert vurdert som tilstrekkeleg, og tiltaket har avgrensa påverknad. Prinsippa i naturmangfaldlova er dermed ivaretekne.

6. Fordelar og ulemper

Fordelane ved tiltaket er knytt til effektiv arealutnytting, fortetting i etablert område og styrking av busetnad i lokalsamfunnet.

Formannskapet syner til at det er opparbeida leikeplass med ballplass lenger sør i Hola i Naddvik, gnr 3 bnr 47, og meiner at dette planbehovet er løyst.

Formannskapet har vore på synfaring av området og leikeplassen visuelt, og meiner dette er tilstrekkeleg dokumentasjon på at behovet er løyst. Leikeplassen ligg ca 250 meter sør for det regulerte leikeområdet.

Ulempene er knytt til avvik frå planar og ein viss auke i privatiseringspreg. Etter ei samla vurdering meiner formannskapet at fordelane er klart større enn ulempene.

7. Samla vurdering

Etter ei samla vurdering finn formannskapet at vilkåra i plan- og bygningslova § 19-2 er oppfylte, og dispensasjon vert gjeve.

Vedlegg:

3_TEGN_TegningNyFasade_AØH illustrasjon R2

4_KORR_Folgebrev_Følgjebrev

5_KORR_Nabovarsel_Nabovarsel-1-20251215-1248

6_KART_Situasjonsplan_AØH situasjonsplan R2

7_TEGN_TegningNyPlan_plan og snitt

8_TEGN_TegningNyFasade_Fasader

Søknad om dispensasjon fra arealplaner - Nytt hus

Kulturminnefagleg fråsegn - dispensasjon - oppføring bustadhus - gnr. 3 bnr. 3 - Årdal kommune

NVE si uttale - Høring - Søknad om dispensasjon for oppføring av bustadhus på

Vikdalsvegen 787, bnr. 3 bnr. 3, Årdalstangen - Årdal kommune

Fråsegn - dispensasjon - Gnr. 3, Bnr. 3 - Vikadalsvegen 787 - Årdalstangen - oppføring av bustadhus

Uttale til søknad om dispensasjon - oppføring bustadhus - gnr. 3 bnr. 3 - Årdal kommune

Høyring - Søknad om dispensasjon for oppføring av bustadhus på gnr 3 bnr 3,

Vikadalsvegen 787, 6885 Årdalstangen

Følgjebrev byggesak om rammeløyve 3 - motteke 22. april

Skyldskifte - motteke 22. april

Følgjebrev byggesak om rammeløyve 3

Søknad om dispensasjon på gnr 3 bnr 2, Vikadalsvegen 787

Saksnr.	Utval	Møtedato
060/26	Formannskapet	11.06.2026

Sakshandsamar: Sebastian Hjertager Lund

Arkiv:

Arkivsak: 26/664 -
Ugyldig flettefelt

Søknad om dispensasjon på gnr 13 bnr 1 - Stølsmaradalen

Saka gjeld

Nordplan AS søker på vegne av tiltakshavar DNT Oslo og omegn om dispensasjon frå arealføremålet LNFR jf. § 3-1 i gjeldande kommuneplan. Tiltaket gjeld oppføring av ny bru over Stølsmaradøla.

Bakgrunn

DNT Oslo og omegn (DNTOO) har ansvaret for gang- og terrengbruene på DNT sitt stinett i regionen. Brua over Stølsmaradøla har ved fleire høve vorte teken av ismassar, noko som har skapa uvisse og usikkerheit for turgåarar.

Eksisterande bru over Stølsmaradøla har fram til no vore ein sommarbru som vert lagt ut på våren når snøen har smelta, og teken inn att før snøen kjem om hausten. DNTOO ser at dette skapar lite føreseielegheit for turgåarar, og ynskjer difor å etablere ein heilårsbru.

Tiltaket

Ny bru skal plasserast på same plass som eksisterande bru. Brua skal ha ei lengd på 11 meter og ein fri høgde på 2,6 meter frå elveleiet (heva med 1 meter samanlikna med eksisterande bru). Konstruksjonen skal utførast med dragarar i stål, og det skal monterast rekkverk med stålvaier med ein meter høgde. Det skal lagast fundament i stadeigen stein med bergboltar på kvar side av elva, og det vil verte ført opp trapp i galvanisert eller syrefast stål på kvar side. Ståldragarar skal overflatebehandlast med grå fargetone for å passe best mogeleg inn i terrenget.


Lokasjon og arealbruk

Tiltaksområdet ligg på eigedomen gnr. 13 bnr. 1 innanfor Utladalen landskapsvernområde. Området er i gjeldande arealdel til kommuneplanen regulert til LNFR-område (landbruk-, natur-, friluft- og reindriftsområde).

Fra sommerbru til helårsbru
Heves ca 1 meter i forhold til dagens bru
Målestokk 1:50 A1 (1:100 A3)

Målestokk 1:50 A1 (1:100 A3)

Brua som ble bygget i 2022 lå ca 1,3 m over elva. Ny bru som er der i dag er hevet med ca 30 cm.
Det er et ønske om at den skal heves minimum 1 meter til.
Dvs at bruene blir likgende ca 2,6 m over elveleiet



A photograph of a simple wooden plank bridge crossing a river. The bridge is made of light-colored wood and is supported by stone pillars. The river flows through a lush green forest, and in the background, there are snow-capped mountains under a cloudy sky.

fig. 2 – eksisterende bru

Vilkår

- Brua byggjast i samsvar med opplysningar og målsette teikningar gjeve i søknaden.
- Brua byggjast på same plass som den eksisterande brua.
- Brua har ein breidde på inntil 1,2 m, ein lengde på inntil 11 m, og ei høgde på 2,6 m frå vassoverflata. Høgde frå terrenglinja er ca. 1,3 m.
- Bru byggjast med ståldragarar. Dragarane overflatebehandlast i gråfarge.
- Gangbrua byggjast i CU-impregnert treverk.
- Det etablerast ei gittereist trapp i glavanisert eller syrefast stål, med fjellboltar som fundament på austsida av elva. Metallet skal ha ein matt overflate.
- På vestsida av elva byggjast fundamt i form av tørrsteinmurar med steintrapp/ev. trapp i CU-impregnert trevirke.
- Det skal brukast stadeigen stein som handplukkast på staden. Plukking av stein skal ikkje syne igjen i landskapet. Stein kan hentast frå steinur(ar), men må ikkje medføre at ura vert ustabil. Det skal ikkje plukkast stein frå elva.

- Det skal ryddast opp etter avslutta arbeid, og alt overflødig materiale, avfall og utstyr osv. skal fraktast ut av verneområdet. Materialrestande frå den gamle brua skal transporterast ut etter at den nye brua er ferdigstilt.
- Ein rapport om gjennomføringa av arbeidet skal sendast til Nasjonalparkstyret v/nasjonalparkforvaltar etter ferdigstilling, innan 1. desember 2026.
- Alle som skal jobbe med bruprojektet skal vere kjend med innhaldet i dette brevet.
- Ev. avvik frå planteikningane og tidspunkt for gjennomføring av tiltaket skal avklarast med forvaltar på førehand.
- DNT Oslo og Omegn står som eigar av brua, og er ansvarleg for vedlikehald.

Stølsmaradøla er del av Utlavassdraget som vart verna gjennom verneplan III for vassdrag. Tiltaket må difor avklarast med NVE som vassdragsmyndigheit for verna vassdrag. Det må òg innhentast naudsynt tillating etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag frå Vestland fylkeskommune (tiltak oppstraums anadrom strekning, innlandsfisk).

Motorisert ferdsel i utmark må òg vere godkjent av kommunen som forvaltningsmyndigheit etter motorferdselslova.

Søknad om dispensasjon er grunna i:

- Brua legg til rette for heilårskryssing av elva, samstundes som tryggleiken for turgåarar ved forbetra, særleg ved høg vassføring.
- Permanent bru gjev betre føreseielegheit og eliminerer usikkerheit knytt til sesongbasert montering.
- Ferdsel vert samla på éin stad, noko som reduserer erosjon

Drøfting

For at kommunen skal kunne gje dispensasjon må begge vilkåra i pbl. § 19-2 vere oppfylte. Omsynet bak føreseigna det søkjast å dispensera frå må ikkje verte vesentleg tilsidesett. Det må òg ligge føre ein klar overvekt av fordelar som talar for å gje dispensasjon.

Omsynet til LNFR-område

LNFR (landbruk, natur, friluftsliv og reindrift) er eit arealføremål, i denne saka på kommuneplannivå, som har som overordna føremål å ivareta samanhengande utmarks-, landbruks- og friluftslivsområde, samt sikre dei mot nedbygging og oppsplitting.

Føreseigna skal hindre spreidd og ikkje-planlagd utbygging som kan svekkje produksjonsgrunnlaget i landbruket, redusere natur- og landskapskvalitetar eller skape konflikt med allmenn ferdsel. Samstundes skal LNFR-formålet bidra til føreseieleg arealbruk og tydelege rammer for kva tiltak som kan tillatast utan reguleringsplan. Det er ingenting i søknaden eller i kommunen si kjennskap til området som tilseier at brua vil påverke området på ein måte som vil vere negativ for landbruket og/eller landbrukseigedomen. Omsynet til landbruk vert ikkje tilsidesett.

Omsyn til naturmangfald og vassdrag

Tiltaket ligg innanfor Utladalen landskapsvernområde. Nasjonalparkstyret har den 04.05.2026 gjeve dispensasjon etter verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 c) og d). I vedtaket heiter det:

«DNT Oslo og Omegn får med heimel i verneforskrift for Utladalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 c) og d) dispensasjon for oppføring av ny bru som erstatning for den gamle brua

over Stølsmaradøla. Landskapsmessig vil den nye brua ikkje gje vesentleg anna innverknad på landskapet enn eksisterande bru.»

Vestland fylkeskommune har uttalt at tiltaket ikkje krev godkjenning etter forskrift om fysiske inngrep i vassdrag, så lenge vassdraget ikkje vert rørt. Statsforvaltaren er heller ikkje sektormynd for tiltaket etter vassressurslova, ettersom kantvegetasjonen ikkje vert fjerna.

Søklar grunngeiv valet av stedegen stein til tørrmurstrapp med at dette reduserer risikoen for introduksjon av framande artar og materiale i vassdraget, i tråd med prinsippa i naturmangfaldlova. Konstruksjonen er prosjektert med diskret utforming og nøytral overflatebehandling for å minimera visuell påverknad på landskapet.

Det er lagt til grunn at sjølve brukonstruksjonen ikkje er i kontakt med vassdraget. Fundamenta er plasserte på land på kvar side av elva. Tiltaket medfører ikkje fjerning av kantvegetasjon. Kommunen vurderer at omsyn til naturmangfald og vassdrag vert ikkje vesentleg tilsidesett, noko vurderingane til Vestland fylkeskommune og Nasjonalparkstyret stettar. Tiltaket er av avgrensa omfang, og skal utformast med tilpassa materialbruk, noko som talar for at naturinngrepet vert minimalt.

Villrein

Villreinen i Noreg er ein ansvarsart, dvs. at minst 25 % av den europeiske bestanden lever i Noreg. Etter konvensjonen om biologisk mangfald (CBD) er Noreg internasjonalt forplikta til å ivareta villreinen. Vest-Jotunheimen villreinområde består av om lag 400 dyr, og er klassifisert til middels kvalitet etter kvalitetsnorma for villrein. Jf. regjeringa sin rettleiar om planlegging av fritidsbustader utgjør menneskeleg ferdsel og aktivitet på stiar og vegar innanfor villreinområda den største negative påverknaden på villreinstammene.

Nasjonalparkstyret har med bakgrunn i at tiltaket ligger i Vest-Jotunheimen villreinområde sendt saka til Villreinnemnda i Sogn og Fjordane til uttale. Tilbakemeldinga frå nemnda er at «...*dette er ein type tiltak som nemnda normalt ikkje har innvendingar mot.*»

Friluftsliv

Friluftsliv er ein del av omsynet bak arealføremålet LNFR (F-en). Tiltaket er ei erstatning av ei eksisterande bru på DNT sitt stinett og inneber ei vidareutvikling av eksisterande infrastruktur for allmenn ferdsel i utmarka. Brua bidreg til å konsentrere ferdsel til eit fast punkt, samstundes som sjølve kryssingspunktet vert trygga. Dette bidreg til redusert trådd, slitasje og ferdsel utanfor det etablerte stinettet, noko som er vurdert til å vere i tråd med omsyna bak friluftslivsdelføremålet i LNFR. Kommunen vurderer at tiltaket er i samsvar med omsynet bak LNFR-område, og at dette omsynet såleis ikkje vert tilsidesett.

Kommunen finn, etter ein samla vurdering, at omsynet bak LNFR-området ikkje vert vesentleg tilsidesett. Tiltaket er av avgrensa omfang og skal utformast på ein måte som er skånsam for naturmangfaldet på staden. Det fyste vilkåret i pbl. § 19-2 er oppfylt.

Fordelar og ulemper, jf. pbl § 19-2 andre ledd.

Den viktigaste fordelan ved tiltaket er auka tryggleik. Dagens sommarbru krev manuell montering og demontering kvart år, og i periodar der brua ikkje er på plass skapar elvepasseringa ein reell fare, særleg ved høg vassføring og isgang. Ein permanent heilårsbru eliminerer denne risikoen. Brua vert samstundes heva 1 meter samanlikna med

dagens situasjon, til 2,6 meter fri høgd over elveleiet, og er prosjektert med ståldragarar som gjev god stabilitet. Tiltaket vil òg gjere stien tilgjengeleg for fleire brukargrupper, mellom anna barn, eldre og uerfarne turgåarar, i tråd med overordna mål om at friluftsliv skal vere tilgjengeleg for alle.

Utan fast bru vil turgåarar søkje alternative kryssingspunkt, noko som vil kunne føre til auka erosjon og slitasje langs elvekantane. Ein permanent bru konsentrerer ferdseilen til eitt punkt og vernar dermed kantvegetasjon og elvestruktur. Brua vil vidare kunne styrkje attraktiviteten til turområda i Årdal og gje positive ringverknadar for lokalt reiseliv. Tørrmurstrappa vert bygd av stedegen stein utan maskinbruk, noko som minimerer klimaavtrykk og risiko for introduksjon av framande artar.

Moglege ulemper er at tiltaket inneber eit avgrensa fysisk inngrep med noko lokal steinopning. Nasjonalparkstyret har likevel vurdert at den nye brua ikkje vil gje vesentleg anna landskapsmessig innverknad enn eksisterande bru. Permanentgjerding av ein konstruksjon i LNFR-område kan prinsipielt sjåast som negativt, men sidan det allereie ligg ei bru på staden er dette ei erstatning, og ikkje ei nyetablering i urørt natur. Tiltaket ligg innanfor NVE sine aktsomheitssonar, men brua er ikkje eit opphaldsstad og ferdseilen er sporadisk. Tiltakshavar har akseptert risiko for skadar ved ekstremhendingar på eige ansvar, og kommunen finn vurderingane av naturfare tilfredsstillande utan krav om ytterlegare utgreiing.

Kommunen finn etter ei samla vurdering at fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene. Tiltaket gjev ein vesentleg gevinst, særleg med omsyn til tryggleik for turgåarar og for friluftslivet. Det leggjast opp til avgrensa naturinngrep og det er ikkje i konflikt med jordvern, nasjonale interesser eller vassdragsmynde. Det andre vilkåret i pbl. § 19-2 er oppfylt.

Folkehelseperspektiv

Tiltaket legg til rette for trygg ferdsel langs ein eksisterande sti og har positiv effekt for friluftsliv og folkehelse.

Miljø

Heile tiltaksområdet ligg innanfor Vest-Jotunheimen villreinområde, herunder eit forflyttningsområdet. Saka vart sendt på høyring til Villreinnemnda av Nasjonalparkstyret utan at det har kome merknadar til tiltaket.

Saka er vurdert etter § 8 i naturmangfaldlova. Det finst ikkje registreringar av sårbare naturtypar. Krava er vurderte som oppfylte. Kommunen legg til grunn at det ikkje er naudsynt med vurderingar etter §§ 9–12.

Behov for klimatilpassing

Tiltaksområdet ligg innanfor aktsomheitsområde for steinsprang, snøskred, jord- og flaumskred. Tiltaket legg ikkje opp til varig personopphald, og brua vert heva høgare enn eksisterande bru for å unngå materielle skadar frå flaum og is. Kommunen har, med omsyn til personopphald på tiltaket ingen merknadar med omsyn til naturfarar.

Juridisk vurdering

Saka er vurdert til å ikkje medføre nokon juridiske konsekvensar.

Pro et contra

Pro:

- Stettar friluftslivet
- Trygging av ein populær sti, særleg ved høg vassføring
- Godkjent av Nasjonalparkstyret med vilkår
- Påverkar ikkje landskapsbiletet ut over det eksisterande bru gjer i dag

Contra:

- Tiltak innanfor villreinområde
- Tiltak i LNFR-område utan landbruksføremål

Tilråding:

Formannskapet finn, på bakgrunn av det som går fram av saka, at vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylte. Formannskapet gjev i tråd med pbl. § 19-2 dispensasjon til oppføring av ein bru i Stølsmaradalen med følgjande vilkår.

Vilkår:

1. Tiltaket må avklarast med NVE som vassdragsmyndigheit før igangsetting.
2. Dersom tiltaket kjem til å berøra sjølva vassdraget må det òg godkjennast med løyve etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag. Viss tiltaket *ikkje* direkte berørar vassdraget kan ein sjå bort i frå dette vilkåret.

11.06.2026 Formannskapet

Tilråding vart teken opp til røysting.

Samrøystes.

Fskap - 060/26 Vedtak

Formannskapet finn, på bakgrunn av det som går fram av saka, at vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylte. Formannskapet gjev i tråd med pbl. § 19-2 dispensasjon til oppføring av ein bru i Stølsmaradalen med følgjande vilkår.

Vilkår:

1. Tiltaket må avklarast med NVE som vassdragsmyndigheit før igangsetting.
2. Dersom tiltaket kjem til å berøra sjølva vassdraget må det òg godkjennast med løyve etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag. Viss tiltaket *ikkje* direkte berørar vassdraget kan ein sjå bort i frå dette vilkåret.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon - Kommuneplanens arealdel 2011-2023 - Ny gangbru

Situasjonsplan

Grunneieravtale Signert Stølsmaradøla

Tegning Ny Fasade - Skisse Stølsmaradøra

Følgjebrev

Vedtak Utladalen LVO - Dispensasjon - 2026 - Utsifting av bru over Stølsmaradøla - DNT

Oslo og Omegn

Saksframlegg med vedtak

Saksnr.	Utval	Møtedato
061/26	Formannskapet	11.06.2026

Sakshandsamar: Sebastian Hjertager Lund

Arkiv:

Arkivsak: 26/781 -
Ugyldig flettefelt

Søknad om dispensasjon på gnr 10 bnr 1 - Holsbru

Saka gjeld

Arkitektkontoret 4B søker på vegne av Årdal Jeger- og Fiskerforening (ÅJFF) om dispensasjon frå §1-4 *fysiske krav til tiltak – avstand til sjø og vassdrag*. Det søkjast òg om dispensasjon frå gjeldande arealføremål (LNF spreidd fritid). Tiltaket gjeld oppføring av ein varmebu på 22 m³ med tilhøyrande toalett.

Bakgrunn

Området ved Holsbruvatnet er allereie tilrettelagt for friluftsliv og opphald, og omfattar mellom anna eit minnesmerke, bål plass og universelt utforma tursti og fiskesti. Søknaden er utarbeidd av Arkitektkontoret 4B på vegner av Årdal Jeger- og Fiskerforening.

Tiltaksområdet ligg ved det nyleg oppførte minnesmerket langs FV 53 ved Holsbruvatnet. Området er ikkje detaljregulert, og ligg inne som *LNF område for spreidd fritidsbebyggelse*.

Etter kommuneplanen § 1-4 gjeld ei byggegrense på 100 meter mot vassdrag for andre føremål, med unntak for arealbruksføremål etter pbl. §§ 11-7 nr. 5 og 6. Tiltaket er planlagt plassert om lag 6,2 meter frå vatnet, og kjem difor i strid med denne byggegrensa. Det vert søkt om dispensasjon med heimel i pbl. §§ 19-1 og 19-2.

Tiltaket

Det omsøkte tiltaket er ein varmestove, plassert ved minnesmerket på Holsbru. Bygget skal etter planen plasserast om lag 6,2 meter frå vatnet og har ein storleik på $L = 6,85$ m og $B = 3,3$ m (22,6 m²). Bygget er prosjektert med omsyn til landskap og eksisterande omgjevnadar, og skal nytte naturmateriale og dempa naturfargar i tråd med § 3-2 i gjeldande kommuneplan. Tiltaket vil fungere som eit offentleg tilgjengeleg opphaldsrom med tilhøyrande universelt utforma toalett.



Drøfting

For at kommunen skal kunne gje dispensasjon må begge vilkåra i pbl. § 19-2 vere oppfylte. Omsynet bak føreseigna det søkjast å dispensera frå må ikkje verte vesentleg tilsidesett. Det må òg ligge føre ein klar overvekt av fordelar som talar for å gje dispensasjon.

100-metersbeltet

Omsynet bak byggeforbodet i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag er å sikre allmenn tilgang til strandsona, ivareta landskapsverdiar og hindre uheldig nedbygging av strandsona. Slik saka ligg føre vurderer administrasjonen at desse omsyna ikkje vert vesentleg tilsidesett som ein konsekvens av tiltaket. Varmebua vil vere open og tilgjengeleg for alle, og skal vere universelt utforma slik at den vert tilgjengeleg for alle brukargrupper.

Plasseringa vurderast å harmonere godt med eksisterande minnesmerke og fiskesti, og vil vere ein positiv vidareutvikling av området.

Arealføremål – LNF spreidd fritid

Intensjonen bak LNF spreidd fritid er å skilje ut område for spreidd hyttebygging, samstundes som utbygginga ikkje skal kome i konflikt med landbruk, naturverdiar og friluftslivsinteresser. Tiltaket er ikkje ein fritidsbustad, men eit ålment tilgjengeleg servicetilbod knytt til eit eksisterande og universelt tilgjengeleg friluftsområde. Administrasjonen vurderer at tiltaket i sin heilheit er med på å styrkje allmennheitas friluftslivsinteresser, og at omsyna bak arealføremålet ikkje vert vesentleg tilsidesett.

Fordelar og ulemper

Tiltaksområdet er som nemnt allereie opparbeida med minnesmerke og fiskesti i dag. Omsøkt tiltak vil forsterke eksisterande verdiar, og utgjer ein reell forbetring av området frå dagens situasjon. Administrasjonen legg stor vekt på at området skal vidareutviklast som eit universelt friluftsområde for personar med nedsett funksjonsevne. Moglegheita for ly og opphald i dårleg vær aukar bruksaktiviteten og tryggleiken for dei som ferdast i området. Toalettet dekkjer eit reelt servicebehov, både for forbireisande, turgåarar, besøkande til minnesmerket og for andre brukarar. Bygget skal tilpassast landskapet, bruke naturlege fargar og plasserast på eit areal som i dag allereie vert nytta til friluftsføremål.

Når det gjeld ulemper er det på generelt nivå uheldig med bygging i strandsona, både langs sjø og langs ferskvatn. Eit viktig prinsipp bak føreseigna om 100-metersbeltet er å ivareta allmennheitas tilgang på strandsona, og hindre privatisering av denne. Grunna at tiltaket skal vere offentleg tilgjengeleg vurderer administrasjonen at tiltaket er med på å styrke friluftslivsinteressene heller enn å svekke dei.

Økonomi

Ikkje relevant

Folkehelseperspektiv

Ei universelt utforma varmebu med tilhøyrande toalett bidreg til å styrke eit eksisterande friluftsområde, og bidreg til å gjere det meir attraktivt og tilgjengeleg for alle brukargrupper. Eit felles overordna mål i gjeldande samfunnsdel til kommuneplanen er «*sikrar god helse, universell utforming og fremjar livskvalitet for alle*». Tiltaket er i så måte i tråd med utviklingsmål forankra i samfunnsplanen.

Miljø

Saka er vurdert etter § 8 i naturmangfaldlova. Det er registrert ei raudlista art på vatnet – Granmeis den 14. april 2025. Kommunen vurderer at tiltaket vil ha liten til ingen påverknad på denne.

Det har ikkje kome fram opplysningar i saka som kan tyde på at det kan vere artar der som ikkje ligg i databasen. Det er heller ikkje grunn til å tru at tilleggsregistreringar vil føre til ny kunnskap om dette. Krava i § 8 i naturmangfaldlova blir dermed vurdert som oppfylt.

Grunna at naturmangfald ikkje vert påverka av tiltaket, og det ikkje kan påvisast effekt av tiltaket på verdifull natur, legger kommunen til grunn at det ikkje er naudsynt å gjere vurderingar etter dei andre miljøprinsippa i naturmangfaldlova §§ 9-12.

Tiltaket er prosjektert med omsyn til landskap og eksisterande omgjevnader, med bruk av naturmateriale og dempa naturfargar i samsvar med kommuneplanen § 3-2 om estetikk og landskapstilpassing. Omfanget av inngrepet er avgrensa, og arealet er allereie opparbeidd som rasteplass og friluftsområde. Tiltaket medfører ikkje fjerning av kantvegetasjon, inngrep i vassdrag eller andre inngrep i urørt natur. Dei samla negative konsekvensane for natur- og landskapsmiljøet vert vurdert som svært avgrensa.

Behov for klimatilpassing

Tiltaksområdet ligg innanfor aktsomheitsområde for snøskred (både med og utan skogeffekt), jord- og flaumskred, flaum og delvis for steinsprang. Tiltakshavar legg til grunn at tiltaket legg til rette for kortvarig bruk, ikkje varig opphald.

Administrasjonen vurderer at dei fysiske tiltaka som skal førast opp er avgrensa i storleik/omfang og vil difor kunne medføre små økonomiske konsekvensar ved ein naturfarehending. Vidare skal tiltaket utformast med harde/robuste fasadar mot fjellsida for å redusere sårbarheita ved ein eventuell hending. Det er ikkje registrert historiske kjende hendingar på tiltaksområdet som tilseier uakseptabel risiko for den planlagde bruken.

Administrasjonen er samde i tiltakshavar vurdering av naturfarar, og vurderer av krava i TEK17 kap. 7 er oppfylte.

Juridisk vurdering

Saka er vurdert til å ikkje medføre nokon juridiske konsekvensar.

Pro et contra

Pro:

- Styrkar universell utforming og tilgjenge til friluftsområde for alle brukargrupper
- Ålment tilgjengeleg, medfører ikkje privatisering av strandsona
- I tråd med § 3-3 i gjeldande kommuneplan om tilrettelegging ved offentleg tilgjengelege område innanfor 100-metersbelte
- Avgrensa naturinngrep i eit allereie opparbeid område
- Stettar eksisterande bruk utan vesentleg auka belastning

Contra:

- Tiltak plassert innanfor 100-metersbeltet, berre 6,2 meter frå vatnet
- Plassering av bygg innanfor uavklarte fareområde (aktsomheit) snøskred, flaum, jord- og flaumskred og steinsprang
- Arealføremålet LNF-spreidd fritid er ikkje primært meint for denne typen tiltak

Tilråding:

Formannskapet finn, på bakgrunn av det som går fram av saka, at vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylte. Formannskapet gjev i tråd med pbl. § 19-2 dispensasjon til oppføring av ein varmebu på gnr. 10 bnr. 1.

11.06.2026 Formannskapet

Tilråding vart teken opp til røysting.

Samrøystes.

Fskap - 061/26 Vedtak

Formannskapet finn, på bakgrunn av det som går fram av saka, at vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylte. Formannskapet gjev i tråd med pbl. § 19-2 dispensasjon til oppføring av ein varmebu på gnr. 10 bnr. 1.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon frå avstand til vassdrag

Søknad om dispensasjon frå avstand til veg

Redegjørelse for skred, Holsbru

Situasjonsplan - Underlag utnytting

Plan og snitt tegning

Fasade tegning

Situasjonsplan

Avtale med grunneigar

Følgjebrev - Vedrørande nabovarsel

Fasade tegning - 3D illustrasjonar

Saksnr.	Utval	Møtedato
062/26	Formannskapet	11.06.2026

Sakshandsamar: Stine Ohrvik

Arkiv:

Arkivsak: 25/1111
- Ugyldig flettefelt

Kommunedelplan naturmangfald - utlegging på høyring Planforslag

Saka gjeld

Formannskapet skal legge planforslag til Kommunedelplan for naturmangfald 2026–2038 ut på høyring og offentlig ettersyn, jf. plan- og bygningslova §§ 5-2 og 11-14.

Bakgrunn

Årdal kommune fekk i 2024 tilskot frå Miljødirektoratet si ordning Natursats til å utarbeide kommunedelplan for naturmangfald. Planarbeidet tek utgangspunkt i internasjonale og nasjonale føringar, mellom anna Naturavtalen frå Montreal (2022), Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet* og Meld. St. 35 (2023–2024) *Berekraftig bruk og bevaring av natur*. Planen er vidare forankra i kommunen sin samfunnsplan frå 2022, «Miljø og teknologi inn i framtida», der eit sentralt mål er å styrkje kunnskapsgrunnlaget om naturmangfald.

Formannskapet vedtok i sak Fskap-155/24 å leggje planprogram for naturmangfaldsplan ut på høyring. Etter høyring hausten 2024, der det kom inn 10 innspel, vart revidert planprogram vedteke i januar 2025.

Planforslaget til kommunedelplan for naturmangfald er utarbeidd i perioden januar 2025 til mai 2026, basert på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag (MU2026-13) og nye naturkartleggingar (MU2026-14, DNV 2025-60).

Planforslaget skal no leggjast ut på høyring og offentlig ettersyn i 6 veker.

Drøfting

Planen er kommunen sin første heilskaplege plan for naturmangfald, og gir eit oppdatert kunnskapsgrunnlag om naturverdiar, truslar og påverknad i Årdal.

Planforslaget inneheld ein konkret handlingsdel med 21 tiltak, og vil styrke grunnlaget for kunnskapsbaserte avgjerder i arealforvaltninga. Planen er godt forankra i nasjonale og regionale føringar, i kommunen sin samfunnsplan, og den følgjer opp føringar i Regional plan for klima 2022–2035 for Vestland, jf. plan- og bygningslova § 8-2.

Planarbeidet har hatt brei medverknad, og innspel er innarbeidde i planforslaget.

Kommunedirektøren vurderer planforslaget som eit godt grunnlag for framtidig forvaltning av naturressursane i kommunen, og som eit viktig kunnskapsgrunnlag for kommande revisjon av kommuneplanen sin arealdel.

Tilråding:

1. Kommunedelplan for naturmangfald 2026–2038 vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova §§ 5-2 og 11-14.
2. Høyringsfristen vert sett til 10. august 2026.

11.06.2026 Formannskapet

Framlegg til nytt punkt 2, foreslått av Anita Hagen Lægreid, Arbeiderpartiet
Høyringsfristen vert sett til 31.august 2026

Framlegg frå Anita Hagen Lægreid, AP om å endre høyringsfristen til 31. august 2026.

Tilråding vart teken opp til røysting med framlegg om å endre høyringsfrist til 31. august 2026.

Samrøystes.

Fskap - 062/26 Vedtak

1. Kommunedelplan for naturmangfald 2026–2038 vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova §§ 5-2 og 11-14.
2. Høyringsfristen vert sett til 31. august 2026.

Vedlegg:

Planforslag Kommunedelplan Naturmangfald

Utvida skildring av handlingsplan

Kunnskapsgrunnlag Kommunedelplan for naturmangfald i Årdal kommune

Naturmangfoldkartlegging i Årdal 2025

Naturtypekartlegging i Årdal 2025

Saksnr.	Utval	Møtedato
063/26	Formannskapet	11.06.2026

Sakshandsamar: Ellen Petrine Fretheim

Arkiv:

Arkivsak: 26/840 -
Ugyldig flettefelt

Gebyrforskrift private planforslag, bygge- og delesaker, oppmåling og seksjonering

Saka gjeld

Høyring av forslag til ny lokal gebyrforskrift om gebyr etter plan- og bygningsloven, eierseksjonsloven og matrikkellova, Årdal kommune, Vestland.

Bakgrunn

Utgangspunktet for arbeidet med ny gebyrforskrift har vore å utarbeide ei innretting som på ein fleksibel måte klarar å spegle kommunen si ressursbruk i dei enkelte sakene. Gebyrforskrifta skal samstundes sørge for å finansiere dei oppgåvene som kommunen er pålagt å utføre. Vidare har hensikta vore å lage ei innretting som er mest mogleg rettferdig for alle forslagsstillarar, tiltakshavarar og rekvirentar, samstundes som utforminga av forskrifta skal minimere rettmessige klagesaker på gebyra.

Arbeidet med ny gebyrforskrift har hatt til formål å tydeleggjere dei ulike oppgåvene kommunen har knytt til sakshandsaming etter plan- og bygningsloven, eierseksjonsloven og matrikkellova, og kva kostnader dette medfører.

Drøfting

Sjølvkostkravet for dei tenestene denne forskrifta regulerer er strengare enn eksempelvis for VAR-sektoren. Det er ikkje tilstrekkeleg at sjølvkostprinsippet er følgt på overordna nivå. Kommunen må også dokumentere at sjølvkost er overheldt ned på dei enkelte sakstypene. Dette inneber at forskrifta, på ein fleksibel måte, må klare å gjenspegle ressursbruken kommunen har i dei enkelte sakene. Til dømes er gebyr for handsaming av private planinitiativ og planforslag todelt, slik at gebyra i regulativet følgjer kommunen sin sakshandsamingsprosess. På denne måten er det klart for både forslagsstillar og sakshandsamar kva slags arbeid dei enkelte gebyra dekkjer og dermed kva gebyr som gjeld.

Det strenge sjølvkostkravet gjev kommunestyret begrensa moglegheit til å kryss-subsidiere ein gebyrtype på bekostning av ein annan. Dette til dømes ved å la byggesaksgebyret for einebustad vere vesentleg lågare enn gjennomsnitts-kostnaden, medan gebyret for større

bustadbygg er høgare enn respektiv gjennomsnittskostnad. Kommunen kan derimot velgje å subsidiere ein sakstype gjennom sine frie inntekter dersom det skulle vere ønskeleg.

Gebyrforskrifta utnyttar moglegheita som lovverket gjev for å krevje betaling undervegs i sakshandsamingsprosessen. Dette sikrar at kommunen får betalt for utført arbeid, sjølv om søknad eller forslag trekkast undervegs i prosessen.

Økonomi

Sjølvkostprinsippet inneber at kommunen sine kostnader med å yte tenestene kan dekkjast inn gjennom dei gebyra som brukarane betalar. Kommunen har ikkje anledning til å tene pengar på sjølvkostområda.

Juridisk vurdering

Kva som skal reknast som gebyrgrunnlag er fastsett i kapittel 15 i kommuneloven og i forskrift om berekning av sjølvkost. Gebyrgrunnlaget består mellom anna av direkte og indirekte henførbare driftsutgifter og kalkulatoriske kapitalkostnader, som er avskrivningar og renter.

Tilråding:

1. Forslag til ny gebyrforskrift for reguleringsplan, bygge- og delesakshandsaming, oppmåling og eigarseksjonering vert lagt ut på høyring.
2. Høyringsfrist 1. september 2026.

11.06.2026 Formannskapet

Tilråding vart teken opp til røysting.
Samrøystes.

Fskap - 063/26 Vedtak

1. Forslag til ny gebyrforskrift for reguleringsplan, bygge- og delesakshandsaming, oppmåling og eigarseksjonering vert lagt ut på høyring.
2. Høyringsfrist 1. september 2026.

Vedlegg:

Årdal kommune - Følgerev til høyring av ny lokal gebyrforskrift

Årdal kommune - Gebyrforskrift private planforslag, bygge- og delesaker, oppmåling og seksjonering (2026_05_19)

Saksnr.	Utval	Møtedato
064/26	Formannskapet	11.06.2026

Sakshandsamar: Ellen Petrine Fretheim

Arkiv:

Arkivsak: 26/800 -
Ugyldig flettefelt

Lokal forskrift om sakshandsaming- og kontrollgebyr etter forureiningsforskrifta, Årdal kommune

Saka gjeld

Utlekking på høyring av framlegg til gebyrforskrift for sakshandsamings- og kontrollgebyr for kommunen sitt myndigheitsområde etter forureiningsforskrifta kapittel 2, 12, 13, 14, 15 og 15A.

Bakgrunn

Ei lokal gebyrforskrift for sakshandsaming og kontroll gir kommunen heimel til å finansiere arbeidet med desse oppgåvene i tråd med prinsippet om at ureinar betalar. Utan gebyr for desse arbeidsoppgåvene vil finansieringa skje over kommunebudsjettet. Kommunen er plikta til å utføre desse oppgåvene. Måla seier at vassførekomstar skal forbetrast og gjenoppretta slik at dei har minst god miljøtilstand. Dei skal også vernast mot påverknad som reduserer miljøtilstanden. Nasjonale føringar seier at kommunen skal syte for at alle avløpsanlegg i kommunen når reinsekrava i forureiningsforskrifta innan 2027, og seinast innan 2033.

Kommunen arbeider no med eit vertskommunesamarbeid for å løyse lovpålagde oppgåver innan ureining og tilsyn med private avløp. Det er eit ynskje om at gebyrforskrifta, som opnar for å ta gebyr for desse oppgåvene, er lik for alle kommunane i samarbeidet. Dette vil gi like føresetnadar for å finansiere arbeidet.

I framlegg til forskrift vert det fastsett sakshandsamings- og tilsynsgebyr innanfor kap. 2, 12, 13 og 15 i forureiningsforskrifta.

Forskrifta vil bidra til at kommunen får auka innsats for å nå miljømåla og hindre ureining til miljøet. Dette kan resultere i positiv effekt på miljøtilstanden i vassførekomstane i kommunen, lede til auka biomangfald, samt bidra til å oppretthalde naturgodar og økosystemfunksjonar. Eit betre miljø og målretta arbeid mot reduksjon av ureining i kommunen kjem innbyggjarane til gode.

Kommunen skal drive sakshandsaming og tilsyn innanfor sitt myndigheitsområde etter forureiningsforskrifta.

Ei lokal gebyrforskrift for sakshandsaming og kontroll gjev kommunen heimel til å dekke kostnadane det inneber å utføre desse oppgåvene. Å finansiere dette arbeidet gjennom gebyr er i tråd med prinsippet i forureiningslova § 2 nr. 5 om at ureinar betaler. Alternativet er å finansiere arbeidet over kommunebudsjettet. Desse kostnadane kan heller ikkje bli dekkja over vatn- og avløpsgebyr eller gebyr etter plan- og bygningslova § 109.

Kommunen sine oppgåver består delvis av handsaming og tilsyn. For at kommunen skal nå måla i vassforskrifta må kommunen utføre tilsyn på alle avløpsanlegg innanfor sitt myndigheitsområde.

I dag er det ulik praksis i kommunane i det interkommunale samarbeidet om ureining og private avløp. Nokre kommunar har vedteke moglegheita for å ta gebyr, medan andre ikkje har vedteke ei slik lokal forskrift. Føremålet med å vedta like forskrifter er at alle kommunane i samarbeidet skal kunne finansiere deler av arbeidet som vert gjort gjennom gebyr, og at gebyret kan harmoniserast mellom kommunane slik at innbyggjarane har like vilkår.

2.1 Lovheimel

Det er igjennom forureiningsforskrifta §§ 2-12 og 11-4 gjeve heimel til å vedta lokal gebyrforskrift for sakshandsamings- og kontrollgebyr for følgjande kapittel:

Kapittel 2: Opprydding i forureina grunn ved byggje- og gravearbeid.	Gjeld terrenginngrep i ureina grunn, eller potensielt ureina grunn ved byggje- og gravearbeid.
Kapittel 12: Utslepp av sanitært avløpsvatn frå avløpsanlegg under 50 PE (personequivalar).	Gjeld bustadar, fritidsbustadar osb.
Kapittel 13: Utalepp av sanitært avløpsvatn frå kommunale og private avløpsanlegg under 2000 PE til ferskvatn/10 000 PE til sjø.	Gjeld kommunale anlegg og private fellesanlegg.
Kapittel 15: Utslepp/påsepp av oljehaldig avløpsvatn.	Gjeld oljeutskiljarar i verksemdar som t.d. bensinstasjonar, vaskehallar, motorverkstadar, bussterminalar osb.
Kapittel 15A, § 15A-4: Påsepp av avløpsvatn til offentleg avløpsnett.	Gjeld t.d. feittutskiljarar ved restaurantar og kafear.

Drøfting

For å nå måla i vassforskrifta og redusere ureining i kommunen er det avgjerande at kommunen kan finansiere arbeidet som ureiningsmynde etter forureiningsforskrifta. Å gebyrlegge sakshandsaming og tilsyn etter desse kapitla er i samsvar med prinsippet om at ureinar betaler. Årdal kommune tilrår fullfinansiering for å vere i samsvar med prinsippet om at ureinar betalar, samt sikre føreseieleg ressursbruk og tilsynsfrekvens.

Løpande gebyr for tilsyn med sanitære avløpsanlegg (kapittel 12 og 13) og oljehaldig avløpsvatn (kapittel 15) medfører at kostnaden blir fordelt over fleire mindre, årlege, gebyr. Dette gjer det økonomisk føreseieleg for både anleggseigar, for det interkommunale samarbeidet og for kommunen. Slik vert det også enklare for det interkommunale

samarbeidet å sette av ressursar til arbeidet. Gebyret skal ikkje overstige kommunen sine kostnader.

Satsane blir sett etter realistisk tilsynsfrekvens og behovet for tilsyn. Tilsynsarbeidet skal vere risikobasert slik at kontroll og reaksjon blir prioritert der miljøkonsekvensen er størst. Tilsyn med byggje- og gravetiltak i ureina grunn (kapittel 2) og påslepp til offentleg avløp (kapittel 15A) er truleg meir avgrensa i tal saker, og det vert difor vurdert til å være meir tenleg med eingongsgebyr for slike tilsyn. Det vert lagt opp til ei differensiering av sakshandsamingsgebyret ut i frå kompleksitet og storleik på utslepp. Dette er for å syte for at gebyret vert rett ut i frå kor mykje resursbruk kvar enkelt sak krev. Moglegheit for å søke fritak frå tilsynsgebyr vert lik som i SIMAS IKS si renovasjon- og slamforskrift § 16 for å gjere det føreseieleig, og nytte lik praksis for desse gebyra.

I samsvar med forureiningslova § 52a og forureiningsforskrifta § 11-4 skal beløpet på gebyra bli sett slik at dei samla sett ikkje overstig kostnadane kommunen har ved sakshandsaminga eller kontrollordninga. Difor vert det lagt opp til årlege gebyr for tilsyn med sanitære avløpsanlegg omfatta av kapittel 12 og 13, samt tilsyn med utslepp av oljehaldig avløpsvatn etter kapittel 15. Tilsyn med grave- og byggjetiltak i forureina grunn etter kapittel 2, samt påslepp av avløpsvatn til offentleg avløpsnett etter § 15A-4, vert ilagt eingongsgebyr etter kvar handsaming. Sakshandsamingsgebyr vert differensiert etter kompleksitet og storleik.

Referansar (ikkje vedlegg)

- *Klima- og miljødepartementet. (2019). Nasjonale føringer for arbeidet med oppdatering av de regionale vannforvaltningsplanene.*
- *Norsk Vann. (2022). Rapport 267 - Veiledning for å utarbeide kommunale forskrifter om avløp. Hamar: Norsk Vann BA.*
- *STF. (2007). TA-2236 - Utslipp av sanitært og kommunalt avløpsvann - Veiledning til kommunene. Oslo: Statens forurensningstilsyn.*

Økonomi

Kommunene må vedta ei gebyr forskrift for å innføre kontroll gebyr, jamfør forurensningsforskriften § 11-4. Gebyra kan vere anten årsgebyr eller gebyr for eit enkelt tilsyn. Årsgebyr har den fordel at innbyggjarane sine utgifter vert fordelte jamt, medan gebyr for enkelt tilsyn gjev den som har hatt tilsyn ei større ekstraavgift, som ofte fell sammen med eventuelle utbetningskostnader for anlegget.

Størrelsen på gebyra skal fastsetjast årleg i samband med kommunen sitt arbeid med gebyr og prisar på kommunale tenester.

Folkehelseperspektiv

I fjellområde der vassdraga ofte har låg vassføring og god vasskvalitet, kan sjølv små utslepp føre til at miljøtilstanden vert redusert. Ved kysten kan brukar sine interesser, som bading og rekreasjon, bli berørt av utsleppa..

Private avløpsanlegg eller minireinseanlegg er sårbare systemer og har generelt kortare levetid enn offentlige avløpsledninger. Det betyr at eigar må rekne med høgare utgifter. Små avløpsanlegg er i tillegg mindre effektive enn offentlige avløp til å rense utslipp, og medfører derfor større fare for forurensning.

Miljø

Det er lovpålagt at det er eigar sitt ansvar å sørge før at det separate avløpsanlegget oppfyller reinsekrav som er gjett. Kommunen fører tilsyn og krev at anlegg som ikkje tilfredsstiller dagens standarder oppgraderast.

Juridisk vurdering

Dette er ei lovpålagt oppgåve som kommunar er forplikta til å gjennomføre.

Tilråding:

1. Framlegg til gebyrforskrift for sakshandsaming- og kontrollgebyr for kommunen sitt myndigheitsområde etter forureiningsforskrifta kapittel 2, 12, 13, 14, 15 og 15A vert lagt ut på høyring i 8 veker.
2. Høyringsfrist 1. september 2026.

11.06.2026 Formannskapet

Tilråding vart teken opp til røysting.

Samrøystes.

Fskap - 064/26 Vedtak

1. Framlegg til gebyrforskrift for sakshandsaming- og kontrollgebyr for kommunen sitt myndigheitsområde etter forureiningsforskrifta kapittel 2, 12, 13, 14, 15 og 15A vert lagt ut på høyring i 8 veker.
2. Høyringsfrist 1. september 2026.

Vedlegg:

Forskrift - Gebyr avløp og urein (002)

Saksnr.	Utval	Møtedato
065/26	Formannskapet	11.06.2026

Sakshandsamar: Knut Fredrik Øi

Arkiv:

Arkivsak: 26/470 -
Ugyldig flettefelt

Søknad om støtte frå fond for vilt, fisk og friluftsliv til seminar om hjortevilt som matressurs

Saka gjeld

Årdal bestandsplanområde for hjortevilt søker om 30 000 kr frå Årdal kommune sitt fond for vilt, fisk og friluftsliv til gjennomføring av seminar om hjorteviltet som utvida matressurs.

Bakgrunn

Årdal bestandsplanområde er ein samanslutning av alle jaktrettshavarane for hjort, elg og rådyr i Årdal kommune. Dei ønskjer å setja fokus på å nytta meir av hjorteviltet til mat enn det som er normalt i dag. For å gjera dette, ønskjer dei å arrangera eit seminar med kompetente folk som skal visa korleis ein kan nytta meir enn berre dei "vanlege" musklane i viltet til mat. Seminaret har eit budsjett på 63 000 kr, og bestandsplanområdet søker om 30 000 kr i støtte frå Årdal kommune sitt fond for vilt, fisk og friluftsliv for å gjennomføra. Sjå vedlagt søknad for detaljert info om kurset og budsjett/finansieringsplan.

Drøfting

Kommunestyret i Årdal vedtok i møte 18.12.2008, i sak 093/08, lokale retningslinjer for bruk av fondet for vilt, fisk og friluftsliv. Føremålet til fondet er opphjelp av fisk, vilt og friluftsliv i Årdal kommune. Bruken av midlar frå fondet skal koma ålmenta til gode. I retningslinjene står det at midlane kan nyttast til følgjande tiltak: 1. Auka tilgjenge til fiske-, vilt- og friluftssressursane 2. Opplæringstiltak 3. Informasjonsarbeid 4.

Forskning/kartlegging/driftsplanlegging.

Kommunedirektøren vurderer omsøkt tiltak, seminar om bruk av hjorteviltet som utvida matressurs, til å koma inn under både punktet om opplæringstiltak og informasjonsarbeid. Søknadar om støtte frå fondet skal handsamast av Formannskapet i Årdal kommune.

Økonomi

Fondet for vilt, fisk og friluftsliv hadde ein inngåande saldo på ca 720 000 kr i 2026, men har betalt ut 295 000 tidlegare i år. Det gir ein saldo på ca 425 000 kr pr dags dato. Fondet får årleg inn ca 44 000 kr frå Hydro Aluminium AS.

Tilråding:

I medhald av dei lokale retningslinene for bruk av fondet for vilt, fisk og friluftsliv, løyver Årdal kommune inntil 30 000 kr til Årdal bestandsplanområde for hjortevilt. Midlane skal nyttast til seminar om bruk av hjorteviltet som matressurs. Midlane vert utbetalt ved framsyning av eit enkelt rekneskap frå seminaret.

11.06.2026 Formannskapet

Jasmin Eminovic ber om vurdering på habilitet da han har vore med å handsama saka i utvalet og årsmøte.

Representanten vart vurdert inhabil jf. forvaltningslova § 6e.

Det var 6 representantar i handsaming av saka.

Tilråding vart teken opp til røysting.

Samrøystes.

Fskap - 065/26 Vedtak

I medhald av dei lokale retningslinene for bruk av fondet for vilt, fisk og friluftsliv, løyver Årdal kommune inntil 30 000 kr til Årdal bestandsplanområde for hjortevilt. Midlane skal nyttast til seminar om bruk av hjorteviltet som matressurs. Midlane vert utbetalt ved framsyning av eit enkelt rekneskap frå seminaret.

Saksnr.	Utval	Møtedato
066/26	Formannskapet	11.06.2026

Sakshandsamar: Laila Irene Røneid

Arkiv:

Arkivsak: 26/360 -
Ugyldig flettefelt

TV-aksjonen 2026 - oppretting av kommunekomite og søknad om økonomisk bidrag

Saka gjeld

Val av lokal kommunekomite for årets TV-aksjon og økonomisk løyving til aksjonen.

Bakgrunn

Kvart år vert det arrangert ein innsamlingsaksjon gjennom NRK. Kommunane er involvert i aksjonen med å administrere innsamlingsarbeidet. I tillegg vert kommunane oppmoda om å løyve midlar til innsamlinga.

TV-aksjonen 2026 vert arrangert søndag 18. oktober og går i år til NRC Flyktningshjelpen. Årets aksjon har som mål å hjelpe over 400.000 menneske på flukt frå krig og konflikt med å skape seg ein trygg heim og ei ny framtid.

Midlane som vert samla inn skal brukast direkte til naudhjelp og gjenoppbygging for menneske på flukt i følgjande land:

- Syria
- Palestina (Gaza)
- Sudan
- Tsjad
- Den demokratiske republikken Kongo
- Afghanistan

Administrasjonen i kommunen organiserer arbeidet i lag med den lokalt valgte kommunekomiteen. Dei siste år har det vore varaordførar som har vore leiar for lokal komite. Det er forslag om fem medlemmer i komiteen og at ein av medlemane er frå idrettsrådet. Ein ser at det er nok personar til førebuande arbeid. Det må heller vere fleire som hjelper til med organiseringa på sjølv innsamlingsdagen. I tillegg stiller administrasjonen med ein tilsett som ordnar det praktiske med bøsser og anna materiell i forkant og på sjølv innsamlingsdagen. Lag og organisasjonar, samt andre frivillige stiller opp med bøssebering på aksjonsdagen.

Økonomi

Økonomisk løyving til TV-aksjonen vert dekkja av midlane som formannskapet har til disposisjon. Kommunedirektøren tilrår å løyve kr. 10.000,- til årets innsamlingsaksjon.

Tilråding:

1. Kommunal komite for TV-aksjonen 2026:

Anne Kauppi, leiar

Henny Midtun

Kirsti Eklund

Siv Enerstvedt

Emil Hillestad (idrettsrådet)

2. Det vert løyvd kr. 10.000,- i kommunebidrag til årets TV-aksjon. Midlane vert dekkja frå posten "til formannskapet sin disposisjon" på ansvar 101, funksjon 10014.

11.06.2026 Formannskapet

Tilråding vart teken opp til røysting.

Samrøystes.

Fskap - 066/26 Vedtak

1. Kommunal komite for TV-aksjonen 2026:

Anne Kauppi, leiar

Henny Midtun

Kirsti Eklund

Siv Enerstvedt

Emil Hillestad (idrettsrådet)

2. Det vert løyvd kr. 10.000,- i kommunebidrag til årets TV-aksjon. Midlane vert dekkja frå posten "til formannskapet sin disposisjon" på ansvar 101, funksjon 10014.

Vedlegg:

Anmodningsbrev Årdal kommune

Årdal kommune

Saksnr.	Utval	Møtedato
067/26	Formannskapet	11.06.2026
032/26	Kommunestyret	18.06.2026

Sakshandsamar: Norunn Haugen

Arkiv:

Arkivsak: 26/359 -
Ugyldig flettefelt

1. tertialrapport 2026 med budsjettendring

Saka gjeld

Kommunedirektøren legg fram 1. tertialrapport med budsjettendringar for Årdal kommune per 30.04.2026 i tråd med gjeldande økonomireglement. Tertialrapporten har seks rapporteringsdelar og er samstundes revidert budsjett.

- økonomisk rapport drift per 30.04.26 inkl. revidert budsjett
- økonomisk rapport investering per 30.04.26 inkl. revidert budsjett
- sjukefråværsrapport per 30.04.26
- finansrapport per 30.04.26
- status kommunalt planarbeid
- status oppfølging av politiske vedtak

Bakgrunn

Frå 2025 er årshjul for rapportering endra frå kvartalsrapportering til tertialrapportering.

Endringa inneber at "revidert budsjett" no er samordna med tertialrapporteringa.

Kommunelova § 15-5 krev at kommunedirektøren minst to gongar i året skal rapportere til kommunestyret om utviklinga i inntekter og utgifter i forhold til årsbudsjettet. Viss utviklinga tilseier det skal kommunedirektøren føreslå endringar i årsbudsjettet.

Drøfting

Tertialrapporten er lagt fram digitalt i **Framsikt** <https://pub.framsikt.net/2026/ardal/mr-202604-t12026>

Økonomi

I vedlegg ligg oversikt over tilrådde endringar i driftsbudsjettet i 1.tertial.

Sektorområda sine netto driftsbudsjett inkludert fellesområde netto er 5,075 mill. kr. Korrigert for avsetting og bruk av fond er auken 275 000kr.

I budsjett 2026 er det lagt til grunn store innsparingar på drift i løpet av året.

Det er innsparingskrav som per 1.tertial ikkje er konkretiserte og som ikkje er fordelte innanfor tenesteområda. Det er difor framleis usikkerheit knytt til om sektorområda kjem i mål innanfor vedteke budsjett. Kommunedirektøren legg til grunn at det blir arbeidd kontinuerleg med å redusere driftsutgiftene i samsvar med pågåande omstilling og prosjektarbeid. Dette er omtala nærare under kvart sektorområde i den digitale tertialrapporten i Framsikt. Dei vedtekne innsparingstiltaka er kommentert under kvart tenesteområde i rapporten.

- For oppvekst er det mindre endringar i prognosar. Budsjettet er endra i samband med nedlegging av Haugane barnehage (budsjettpostar flytta og mot innsparingskrav). Netto endring på sektor er uendra i 1.tertial. Innsparingstiltaka er kommentert i den digitale rapporten under sektorområde.
- For helse og omsorg er prognose på refusjon ressurskrevjande brukarar auka med 4,5 mill. kr. Det er framleis ein del usikkerheit i denne prognosa. Det er difor ikkje tilrådd budsjettregulering. Innsparingskrava og omstillingsarbeid er omtala under tenesteområde i den digitale tertialrapporten.
- For miljø og samfunn er det endra prognose på landbruk. Det er tilrådd å løyve ei ramme på 0,2 mill. kr til oppfølging av landbruksplan. I tillegg å sette av 75 000 kr til fallvilthandtering. Primært fallvilt langs veg.
- For administrasjon og politikk er det tilrådd å omprioritere innanfor sektor. Dette er omtala i den digitale tertialrapporten under sektorområdet. Det er tilrådd å redusere bruk av næringsfondet, for å betre saldo på fondet. Dette gjev ein nettoauke på sektor på 5 mill. kr. korrigert for bruk/avsetting fond er auken 0.

På inntektsida er budsjettet oppdatert med endringar som kom i Stortinget si saldering av statsbudsjettet 2026, i tillegg auka utbytte Årdal Energi Holding AS og redusert i eigedomsskatt. Ordinære skatteinntekter er uendra, ny vurdering av skatteinntekter og finansinntekter og utgifter i 2. tertial. Ingen vesentlege endringar for Årdal kommune i revidert nasjonalbudsjett (RNB 2026).

Årdal kommune har fått omstillingsstatus og tilsagn om 5 mill. kr i 2026. Midlane vert overført til ei bunde fond og nytta i samsvar med føresetnader i tilsagnet og prosjektplan. Tilsagnet kom 03.06.26 og tilskotet er difor ikkje innarbeida i budsjett per 1.tertial. Årdal utvikling er prosjektleiing og det er sett ned eit eige omstillingsstyre.

Investeringsutgifter er tilrådd auka med 2,95 mill. kr. Auken gjeld Hjarteson Tangen skule og Lyssetting Loi. Auken er primært finansiert av spelemidlar og trafikktryggingmidlar. Rammeløyving bygg er administrativt overført til delprosjekt i samsvar med vedtekne prioriteringar. Prosjekt som gjeld Årdal sjukeheim er sett litt på vent, i påvente av ein meir heilskapleg plan for bygget. Trappeheis er prioritert og vert kjøpt inn no i 2026.

Tilråding:

1. Økonomisk rapportering per 1. tertial 2026 vert teken til orientering.
2. Sjukefråværsrapport per 1. tertial 2026 vert teken til orientering.
3. Finansrapport per 1. tertial 2026 vert teken til orientering.
4. Status arbeid med kommunale planar vert teken til orientering.
5. Status oppfølging av politiske vedtak vert teken til orientering

	Rekneskap 2026	Rekneskap 2025	Opph. bud. 2026	Rev.bud. 2026	Forslag til budsjettjustering	Budsjett inkludert budsjettjusteringar
Rammetilskot	-92 557	-241 697	-234 200	-234 200	-3 800	-238 000
Inntekt- og formuesskatt	-120 787	-216 746	-225 000	-225 000	0	-225 000
Eigedomsskatt	-17 013	-68 568	-70 000	-70 000	2 000	-68 000
Andre generelle driftsinntekter	-6 737	-49 995	-46 028	-46 028	0	-46 028
Sum generelle driftsinntekter	-237 094	-577 006	-575 228	-575 228	-1 800	-577 028
Korrigert sum løyvingar drift, netto	202 000	530 915	526 990	526 990	275	527 265
Avskrivningar	0	31 311	27 151	27 151	1 700	28 851
Sum netto driftsutgifter	202 000	562 226	554 141	554 141	1 975	556 116
Brutto driftsresultat	-35 094	-14 780	-21 087	-21 087	175	-20 912
Renteinntekter	-1 889	-8 129	-3 736	-3 736	0	-3 736
Utbytte	-220	-23 601	-20 000	-20 000	-5 000	-25 000
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter	8 334	25 580	26 713	26 713	0	26 713
Avdrag på lån	11 813	25 283	26 229	26 229	0	26 229
Netto finansutgifter	18 038	19 132	29 206	29 206	-5 000	24 206
Motpost avskrivningar	0	-31 311	-27 151	-27 151	-1 700	-28 851
Netto driftsresultat	-17 056	-26 959	-19 032	-19 032	-6 525	-25 557
Disponering eller dekning av netto driftsresultat						
Overføring til investering	0	3 200	3 800	3 800	0	3 800

Avsettingar til bundne driftsfond	317	19 913	16 831	16 831	0	16 831
Bruk av bundne driftsfond	-295	-16 326	-8 795	-8 795	4 800	-3 995
Avsettingar til disposisjonsfond	0	20 171	7 195	7 195	1 725	8 920
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0	0	0
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen	0	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	22	26 959	19 032	19 032	6 525	25 557
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	-17 034	0	0	0	0	0

6. Kommunestyret vedtek endringar i driftsbudsjettet i samsvar med skjema 5-4 1. og 2.ledd.
7. Kommunestyret vedtek endringar i investeringsbudsjettet i samsvar med skjema 5-5 1. og 2.ledd
8. Bruk av lånemidlar til investeringar i 2026 vert redusert med 0,302 mill. kr til 63 353 mill. kr

Skjema etter forskrifta § 5-4 1.ledd

Beløp i 1000

Skjema etter forskrifta § 5-4 2.ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2026	Rekneskap 2025	Opph. bud. 2026	Rev. bud. 2026	Forslag til budsjettjustering
Oppvekst og kultur	60 081	167 544	161 122	161 122	0
Helse og omsorg	104 639	258 412	255 460	255 460	0
Miljø og samfunn	17 414	50 302	59 017	59 017	75
Administrasjon og politikk	24 710	47 043	50 767	50 767	5 000
Fellesområde	-4 814	-978	5 100	5 100	0
Sum løyvingar drift, netto	202 030	522 324	531 466	531 466	5 075
Av dette:					

Avskrivninger	0	31 311	27 151	27 151	1 700
Motpost avskrivninger	0	-31 311	-27 151	-27 151	-1 700
Netto renteutgifter og -inntekter	8	56	0	0	0
Overføring til investering	0	3 200	3 800	3 800	0
Avsetninger til bundne driftsfond	317	4 480	9 471	9 471	0
Bruk av bundne driftsfond	-295	-16 326	-8 795	-8 795	4 800
Korrigert sum løyvingar drift, netto	202 000	530 915	526 990	526 990	275

Skjema etter forskrifta § 5-5 1. ledd

Beløp 1000kr

	Rekneskap 2026	Rev. bud. 2026	Opph. bud. 2026	Forslag til bud.endring år 1
Investeringar i varige driftsmidlar	3 392	77 462	59 010	2 950
Tilskot til andre sine investeringar	0	2 250	2 250	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	0	2 200	2 200	0
Utlån av eigne midlar	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter	3 392	81 912	63 460	2 950
Kompensasjon for meirverdiavgift	-613	-7 157	-4 437	-502
Tilskot frå andre	0	-4 900	-4 900	-2 750
Sal av varige driftmiddel	0	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av eigne middel	-38	0	0	0
Bruk av lån	0	-63 655	-47 923	302
Sum investeringsinntekter	-652	-75 712	-57 260	-2 950
Vidareutlån	220	11 000	11 000	0
Bruk av lån til vidareutlån	-220	-11 000	-11 000	0
Avdrag på lån til vidareutlån	555	2 000	2 000	0
Mottatte avdrag på vidareutlån	-977	-2 000	-2 000	0
Netto utgifter vidareutlån	-422	0	0	0

Overføring frå drift	0	-3 800	-3 800	0
Avsetningar til bundne investeringsfond	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	0	-2 400	-2 400	0
Avsetningar til ubunde investeringsfond	0	0	0	0
Bruk av ubunde investeringsfond	0	0	0	0
Dekning av tidlegare års udekkja beløp	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetningar	0	-6 200	-6 200	0
Framført til inndecking i seinare år (udekt)	2 319	0	0	0

Skjema etter forskrifta § 5-5 2.ledd

Beløp 1000kr

	Rekneskap 2026	Rev. bud. 2026	Opph. bud. 2026	Forslag til bud.endr. år 1
IKT - VELFERDSTEKNOLOGI 2023	106	1 000	1 000	0
IKT-SKULE	10	1 060	1 060	0
IKT-INVESTERING TENESTEOMRÅDA	0	500	500	0
DIGITALISERINGSSTRATEGI - E-BYGGESAK	0	386	0	0
INVENTAR SKULE (2025)	0	500	500	0
STRUKTUR OPPVEKST	0	1 000	1 000	0
Skuleplassar 2026	0	500	500	0
OMSORG - INVESTERINGSPLAN	0	500	500	0
STRUKTUR ELDREOMSORG	0	1 000	1 000	0
NORGE I BILDER (2026)	0	250	250	0
Kai Årdalstangen	0	2 000	2 000	0
UTSKIFTING AV BILAR OG UTSTYR	0	1 000	1 000	0
Lyssetting turstiar (Vassbugen-Loi) 2022	0	3 000	3 000	2 750
TRAFIKKTRYGGINGSPLAN (33219) 2024	0	1 000	1 000	-1 000
Hjarteson Tangen skule (2025)	0	1 950	0	1 500

Kjøp av utrykningsbil brann (2025)	1 582	1 400	0	0
INVESTERINGAR ETTER UVÆRET JAKOB	1	0	0	0
Tindevegen	555	5 000	5 000	0
ÅBO SD-ANLEGG (26511) 2024	15	450	0	0
ÅBO ADGANGSKONTROLL (26511) 2024	0	200	0	0
TILRETTELEGGING FOR KJELDESORTERING KOMMUNALE BYGG (12100) 2024	0	200	0	0
FORPROSJEKT SYMJEANLEGG (38111) 2024	0	300	300	0
Skyløysing SD- anlegg (2025)	539	1 813	500	0
Inneklimasensor (Radon) (Luftkvalitet) (2025)	0	300	0	-300
Ei-kjel Årdalshallen (2025)	0	1 000	0	0
RAMMELØYVING BYGG	0	10 500	10 500	0
OMBYGGING NAV	62	0	0	0
FDV MINDRE INVESTERINGAR	0	853	0	0
REINHALDSMASKINER	0	200	200	0
FDV FJERNVARME ØÅ - REINSEANLEGG FOR VATN	0	500	500	0
IDRETT OG ANLEGGSPPLAN - JOTUN STADION	0	6 000	0	0
MILJØKARTLEGGING SKULAR (ASBEST) 2022	0	100	0	0
ENØKTILTAK FDV (2023)	10	1 791	1 000	0
Nytt nøkkelsystem Årdal kommune 2023	0	2 000	2 000	0
OFF. TOALET KAI ÅTG. - RIVING/NYTT 2023	0	250	250	0
FYRROM RÅDHUSET (nytt/rehab) forprosjekt 2023	324	3 390	0	0
Farnes skule adgangskontroll (22211) 20244	0	500	500	0
ÅRDALSHALLEN TEKNISK ROM (38111) 2024	0	120	0	0
Samfunnshuset Åtg SD-anlegg	0	750	750	0
VAR HANDLINGSPLAN VATN	144	12 230	12 230	0

VAR HANDLINGSPLAN AVLØP	46	11 970	11 970	0
Investeringar i varige driftsmidlar (Del 1)	3 392	77 462	59 010	2 950

	Rekneskap 2026	Rev. bud. 2026	Opph. bud. 2026	Forslag til bud.endr. år 1
PROSJEKTMIDLAR	0	2 250	2 250	0
Tilskot til andre sine investeringar (Del 2)	0	2 250	2 250	0

	Rekneskap 2026	Rev. bud. 2026	Opph. bud. 2026	Forslag til bud.endr. år 1
EIGENKAPITALINNSKOT KLP	0	2 200	2 200	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap (Del 3)	0	2 200	2 200	0

	Rekneskap 2026	Rev. bud. 2026	Opph. bud. 2026	Forslag til bud.endr. år 1
Utlån av eigne middel (Del 4)	0	0	0	0
Sum del 1-4	3 392	81 912	63 460	2 950

11.06.2026 Formannskapet

Framlegg til nytt punkt 8., foreslått av Christian Sønstlien, Arbeiderpartiet

Tilleggspunkt 1. tertial 2026

I budsjettet for 2024 var det brukt 552 172,- meir i ubunde investeringsfond enn det som var tilgjengeleg, dette er og gjennomført i det vedtekne rekneskapet, slik at fondet i dag syner eit negativt beløp på 552 172,-. Negativt fond er ikkje lovleg og må dekkast inn over investeringsbudsjettet.

Dette kan rettast i 2026 ved å auka bruk av lån eller overføring frå drift finansiert med bruk av disposisjonsfond, og avsetta det til ubunde investeringsfond slik at det blir 0,-

Sidan den feilaktige finansieringa med ubunde driftsfond i 2024 vart brukt til investeringar i eigne driftsmidlar, kan lån nyttast til å finansiera rettinga.

Nytt punkt 7.1:

Retting av tidlegare års feil:

- Avsetting til ubunde investeringsfond vert auka med kr 552 172,-

Bruk av lån vert auka med 552 172,-

Punkt 8 vert endra til:

Bruk av lånemidlar til investeringar i 2026 vert i 1. tertial auka med kr 250 171,- til 64,2 mill. kr.

Tilråding vart teken opp til røysting med endringsframlegg av punkt 7 og 8. Samrøystes.

Fskap - 067/26 Vedtak

1. Økonomisk rapportering per 1. tertial 2026 vert teken til orientering.
2. Sjukefråværsrapport per 1. tertial 2026 vert teken til orientering.
3. Finansrapport per 1. tertial 2026 vert teken til orientering.
4. Status arbeid med kommunale planar vert teken til orientering.
5. Status oppfølging av politiske vedtak vert teken til orientering.
6. Kommunestyret vedtek endringar i driftsbudsjettet i samsvar med skjema 5-4 1. og 2. ledd.
7. Kommunestyret vedtek endringar i investeringsbudsjettet i samsvar med skjema 5-5 1. og 2. ledd
*7.1 Avsetting til ubunde investeringsfond vert auka med kr 552 172,-
Bruk av lån vert auka med 552 172,-*
8. Bruk av lånemidlar til investeringar i 2026 vert i 1. tertial auka med kr 250 171,- til 64,2 mill. kr.

Skjema etter forskrifta § 5-4 1. ledd

Beløp i 1000

	Reknesk ap 2026	Reknesk ap 2025	Opp h. bud. 2026	Rev.bu d. 2026	Forslag til budsjettjuster ing	Budsjett inkludert budsjettjusteri ngar
Rammetilskot	-92 557	-241 697	-234 200	-234 200	-3 800	-238 000
Inntekt- og formuesskatt	-120 787	-216 746	-225 000	-225 000	0	-225 000
Eigedomsskat t	-17 013	-68 568	-70 000	-70 000	2 000	-68 000
Andre generelle driftsinntekter	-6 737	-49 995	-46 028	-46 028	0	-46 028
Sum generelle driftsinntekte r	-237 094	-577 006	-575 228	-575 228	-1 800	-577 028
Korrigert sum løyvingar drift, netto	202 000	530 915	526 990	526 990	275	527 265

Avskrivningar	0	31 311	27 151	27 151	1 700	28 851
Sum netto driftsutgifter	202 000	562 226	554 141	554 141	1 975	556 116
Brutto driftsresultat	-35 094	-14 780	-21 087	-21 087	175	-20 912
Renteinntekter	-1 889	-8 129	-3 736	-3 736	0	-3 736
Utbytte	-220	-23 601	-20 000	-20 000	-5 000	-25 000
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter	8 334	25 580	26 713	26 713	0	26 713
Avdrag på lån	11 813	25 283	26 229	26 229	0	26 229
Netto finansutgifter	18 038	19 132	29 206	29 206	-5 000	24 206
Motpost avskrivningar	0	-31 311	-27 151	-27 151	-1 700	-28 851
Netto driftsresultat	-17 056	-26 959	-19 032	-19 032	-6 525	-25 557
Disponering eller dekning av netto driftsresultat						
Overføring til investering	0	3 200	3 800	3 800	0	3 800
Avsetninger til bundne driftsfond	317	19 913	16 831	16 831	0	16 831
Bruk av bundne driftsfond	-295	-16 326	-8 795	-8 795	4 800	-3 995
Avsetninger til disposisjonsfond	0	20 171	7 195	7 195	1 725	8 920

Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0	0	0
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen	0	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	22	26 959	19 032	19 032	6 525	25 557
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	-17 034	0	0	0	0	0

Skjema etter forskrifta § 5-4 2.ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2026	Rekneskap 2025	Opph. bud. 2026	Rev. bud. 2026	Forslag til budsjettjustering
Oppvekst og kultur	60 081	167 544	161 122	161 122	0
Helse og omsorg	104 639	258 412	255 460	255 460	0
Miljø og samfunn	17 414	50 302	59 017	59 017	75
Administrasjon og politikk	24 710	47 043	50 767	50 767	5 000
Fellesområde	-4 814	-978	5 100	5 100	0
Sum løyvingar drift, netto	202 030	522 324	531 466	531 466	5 075
Av dette:					
Avskrivninger	0	31 311	27 151	27 151	1 700
Motpost avskrivninger	0	-31 311	-27 151	-27 151	-1 700
Netto renteutgifter og -inntekter	8	56	0	0	0
Overføring til investering	0	3 200	3 800	3 800	0
Avsetninger til bundne driftsfond	317	4 480	9 471	9 471	0
Bruk av bundne driftsfond	-295	-16 326	-8 795	-8 795	4 800

Korrigert sum løyvingar drift, netto	202 000	530 915	526 990	526 990	275
---	----------------	----------------	----------------	----------------	------------

Skjema etter forskrifta § 5-5 1. ledd

Beløp 1000kr

	Rekneskap 2026	Rev. bud. 2026	Opph. bud. 2026	Forslag til bud.endring år 1
Investeringar i varige driftsmidlar	3 392	77 462	59 010	2 950
Tilskot til andre sine investeringar	0	2 250	2 250	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	0	2 200	2 200	0
Utlån av eigne midlar	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter	3 392	81 912	63 460	2 950
Kompensasjon for meirverdiavgift	-613	-7 157	-4 437	-502
Tilskot frå andre	0	-4 900	-4 900	-2 750
Sal av varige driftsmiddel	0	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av eigne middel	-38	0	0	0
Bruk av lån	0	-63 655	-47 923	302
Sum investeringsinntekter	-652	-75 712	-57 260	-2 950
Vidareutlån	220	11 000	11 000	0
Bruk av lån til vidareutlån	-220	-11 000	-11 000	0
Avdrag på lån til vidareutlån	555	2 000	2 000	0
Mottatte avdrag på vidareutlån	-977	-2 000	-2 000	0
Netto utgifter vidareutlån	-422	0	0	0
Overføring frå drift	0	-3 800	-3 800	0
Avsetningar til bundne investeringsfond	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	0	-2 400	-2 400	0
Avsetningar til ubunde investeringsfond	0	0	0	0
Bruk av ubunde investeringsfond	0	0	0	0
Dekning av tidlegare års udekka beløp	0	0	0	0

Sum overføring frå drift og netto avsetningar	0	-6 200	-6 200	0
Framført til inndecking i seinare år (udekt)	2 319	0	0	0

Skjema etter forskrifta § 5-5 2.ledd

Beløp 1000kr

	Rekneskap 2026	Rev. bud. 2026	Opph. bud. 2026	Forslag til bud.endr. år 1
IKT - VELFERDSTEKNOLOGI 2023	106	1 000	1 000	0
IKT-SKULE	10	1 060	1 060	0
IKT-INVESTERING TENESTEOMRÅDA	0	500	500	0
DIGITALISERINGSSTRATEGI - E-BYGGESAK	0	386	0	0
INVENTAR SKULE (2025)	0	500	500	0
STRUKTUR OPPVEKST	0	1 000	1 000	0
Skuleplassar 2026	0	500	500	0
OMSORG - INVESTERINGSPLAN	0	500	500	0
STRUKTUR ELDREOMSORG	0	1 000	1 000	0
NORGE I BILDER (2026)	0	250	250	0
Kai Årdalstangen	0	2 000	2 000	0
UTSKIFTING AV BILAR OG UTSTYR	0	1 000	1 000	0
Lyssetting turstiar (Vassbugen-Loi) 2022	0	3 000	3 000	2 750
TRAFIKKTRYGGINGSPLAN (33219) 2024	0	1 000	1 000	-1 000
Hjartesone Tangen skule (2025)	0	1 950	0	1 500
Kjøp av utrykningsbil brann (2025)	1 582	1 400	0	0
INVESTERINGAR ETTER UVÆRET JAKOB	1	0	0	0
Tindevegen	555	5 000	5 000	0
ÅBO SD-ANLEGG (26511) 2024	15	450	0	0
ÅBO ADGANGSKONTROLL (26511) 2024	0	200	0	0
TILRETTELEGGING FOR KJELDESORTERING	0	200	0	0

KOMMUNALE BYGG (12100) 2024				
FORPROSJEKT SYMJEANLEGG (38111) 2024	0	300	300	0
Skyløysing SD- anlegg (2025)	539	1 813	500	0
Inneklimasensor (Radon) (Luftkvalitet) (2025)	0	300	0	-300
El-kjel Årdalshallen (2025)	0	1 000	0	0
RAMMELØYVING BYGG	0	10 500	10 500	0
OMBYGGING NAV	62	0	0	0
FDV MINDRE INVESTERINGAR	0	853	0	0
REINHALDSMASKINER	0	200	200	0
FDV FJERNVARME ØÅ - REINSEANLEGG FOR VATN	0	500	500	0
IDRETT OG ANLEGGSPPLAN - JOTUN STADION	0	6 000	0	0
MILJØKARTLEGGING SKULAR (ASBEST) 2022	0	100	0	0
ENØKTILTAK FDV (2023)	10	1 791	1 000	0
Nytt nøkkelsystem Årdal kommune 2023	0	2 000	2 000	0
OFF. TOALETT KAI ÅTG. - RIVING/NYTT 2023	0	250	250	0
FYRROM RÅDHUSET (nytt/rehab) forprosjekt 2023	324	3 390	0	0
Farnes skule adgangskontroll (22211) 20244	0	500	500	0
ÅRDALSHALLEN TEKNISK ROM (38111) 2024	0	120	0	0
Samfunnshuset Åtg SD- anlegg	0	750	750	0
VAR HANDLINGSPLAN VATN	144	12 230	12 230	0
VAR HANDLINGSPLAN AVLØP	46	11 970	11 970	0
Investeringar i varige driftsmidlar (Del 1)	3 392	77 462	59 010	2 950

	Rekneskap 2026	Rev. bud. 2026	Opph. bud. 2026	Forslag til bud.endr. år 1
PROSJEKTMIDLAR	0	2 250	2 250	0
Tilskot til andre sine investeringar (Del 2)	0	2 250	2 250	0

	Rekneskap 2026	Rev. bud. 2026	Opph. bud. 2026	Forslag til bud.endr. år 1
EIGENKAPITALINNSKOT KLP	0	2 200	2 200	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap (Del 3)	0	2 200	2 200	0

	Rekneskap 2026	Rev. bud. 2026	Opph. bud. 2026	Forslag til bud.endr. år 1
Utlån av egne middel (Del 4)	0	0	0	0
Sum del 1-4	3 392	81 912	63 460	2 950

Årdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
068/26	Formannskapet	11.06.2026

Sakshandsamar: Laila Irene Røneid

Arkiv:

Arkivsak: 26/808 -
Ugyldig flettefelt

Orienteringssaker

1. Orientering frå ordførar
2. Orientering frå kommunedirektør

11.06.2026 Formannskapet

Ordførar:

1. Budsjettforlik Stortinget

Kommunedirektør:

1. Årsmelding for barnevernet kjem direkte i kommunestyret 18. juni.

Fskap - 068/26 Vedtak

Orienteringane vart tekne til vitande.

Årdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
069/26	Formannskapet	11.06.2026

Sakshandsamar: Laila Irene Røneid

Arkiv:

Arkivsak: 26/808 -
Ugyldig flettefelt

Samlesak for delegerte byggesaker

Tilråding:

Delegerte byggesaker vert tekne til orientering.

Dokument i saka:

Saksnr.	Tittel
	Delegert vedtak 26/015 - Løyve til piperehabilitering på gnr 6 bnr 13, Storehagen 7, 6885 Årdalstangen
	Delegert vedtak 26/016 - Løyve til piperehabilitering på gnr 6 bnr 247, Huldrevegen 2B, 6885 Årdalstangen
	Delegert vedtak 26/017 - Løyve til å føre opp tilbygg og rive garasje på gnr 27 bnr 168, Vollevegen 5A, 6885 Årdalstangen
	Delegert vedtak 26/118 - Løyve til å forlenge veg til hytte på gnr 9 bnr 287, Sletterustsynet 98, 6884 Øvre Årdal
	Delegert vedtak 26/119 - Løyve til å føre opp tilbygg til våningshus på gnr 29 bnr 2, Dalavegen 25, 6885 Årdalstangen
	Delegert vedtak 26/213 - Mellombels bruksløyve for ny veranda, ny carport og flytte avkøyrsløp på gnr 17 bnr 3, Storevegen 65, 6884 Øvre Årdal
	Delegert vedtak 26/214 - Ferdigattest for tilbygg til bustad på gnr 17 bnr 14, Jotunvegen 9, 6884 Øvre Årdal
	Delegert vedtak 26/216 - Ferdigattest for piperehabilitering på gnr 6 bnr 13, Storehagen 7, 6885 Årdalstangen
	Delegert vedtak 26/217 - Ferdigattest for piperehabilitering på gnr 4 bnr 31, Kvilevegen 4, 6885 Årdalstangen

11.06.2026 Formannskapet

Tilråding vart teken opp til røysting.

Samrøystes.

Fskap - 069/26 Vedtak

Delegerte byggesaker vert tekne til orientering.

Årdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
070/26	Formannskapet	11.06.2026

Sakshandsamar: Laila Irene Røneid

Arkiv:

Arkivsak: 26/808 -
Ugyldig flettefelt

Samlesak for delegerte saker

Tilråding

Delegerte saker vert tekne til orientering.

Dokument i saka:

Saksnr.	Tittel
	Arealoverføring mellom gnr. 9, bnr. 106 og gnr. 9, bnr. 151 og 187 - Tess

11.06.2026 Formannskapet

Tilråding vart teken opp til røysting.
Samrøystes.

Fskap - 070/26 Vedtak

Delegerte saker vert tekne til orientering.

Årdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
071/26	Formannskapet	11.06.2026

Sakshandsamar: Laila Irene Røneid

Arkiv:

Arkivsak: 26/808 -
Ugyldig flettefelt

Samlesak for delegerte skjenke og serveringssaker

Tilråding

Delegerte skjenke- og serveringssaker vert tekne til orientering.

Dokument i saka:

Saksnr.	Tittel
	Delegert vedtak - Søknad om skjenkeløyve for einskild høve 29. - 31. mai 2026
	Delegert vedtak - søknad utvida skjenkeareal Målrock 2026
	Melding om vedtak - utvida skjenketid for fotball-VM 2026
	Melding om vedtak - Søknad om utvida skjenkeløyve VM 2026

11.06.2026 Formannskapet

Tilråding vart teken opp til røysting.
Samrøystes.

Fskap - 071/26 Vedtak

Delegerte skjenke- og serveringssaker vert tekne til orientering.

Saksnr.	Utvål	Møtedato
072/26	Formannskapet	11.06.2026

Sakshandsamar: Ellen Petrine Fretheim

Arkiv:

Arkivsak: 25/1588
- Ugyldig flettefelt

Søknad om dispensasjon på gnr 18 bnr 138 (fnr 1) - Jotunvegen 8, 6884 Øvre Årdal

Saka gjeld

Kleiven Sogn AS søker på vegne av tiltakshavar IL Jotun om dispensasjon til oppføring av carport med tilhørende lager i tilknytning til eksisterende klubbhus. Det vert søkt om å dispensera frå reguleringsføresegnene i gjeldande reguleringsplan (planID: 4643_1424-2007001).

Bakgrunn

Søknaden gjeld dispensasjon frå reguleringsføresegnene i gjeldande reguleringsplan for eigedomen gnr 18 bnr 138 (fnr 1). Tiltaksområdet er i reguleringsplanen sett av til kombinert føremål: *offentleg trafikkområde – torg T1, kombinert med friområde F1*.

Reguleringsplan

Gjeldande reguleringsplan (planID: 4643_1424-2007001) vart opphæveleg vedteken i 1999, og seinare endra i 2008.


I føresegnene i planen §§ 9.1 og 9.2 vert det lagt til grunn at:

- § 9.1 Området omfattar arealet mellom Jotunhallen, fotballbana, Jotunhuset og gangveg G1. Området skal nyttast som tilkomst og aktivitetsareal knytt til idrettshallen og baneanlegga, og som tilkomst til tiliggande bustader.
- § 9.2 Området skal vere bilfritt. Vareleveranse og trafikk med servicebilar knytt til drift av anlegga kan skje i samsvar med utomhusplan for anlegget. Ambulanse og bil for fast driftspersonell skal ha parkeringsplass som vist i miljøplanen.


Tiltaket er i strid med føresegna om bilfritt område, då det legg til rette for permanent parkering og bygningsmasse.

Tiltaket

Det vert søkt om oppføring av ein carport med tilhøyrande lager på om lag 230 m² som tilbygg til eksisterande klubbhus. Bygget skal nyttast til parkering av idrettslaget sine køyretøy, samt lager for utstyr knytt til drift av idrettsanlegget.



Tegningsarkiv	Tegningsnavn	Prosjekt	Rev	Rev	Rev	Rev	Tegningsarkiv
CARPORT M300	S. JOSTUNAS	1:100					Tegningsarkiv
FASADER	Jostunegaten 5, 6884 Øvre Åmål	02.09.2024					Tegningsarkiv



Tegningsarkiv	Tegningsnavn	Prosjekt	Rev	Rev	Rev	Rev	Tegningsarkiv
CARPORT M300	S. JOSTUNAS	1:100					Tegningsarkiv
PLAN	Jostunegaten 5, 6884 Øvre Åmål	02.09.2024					Tegningsarkiv

Søknaden har vore sendt på høyring til Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune.

Vestland fylkeskommune avd. infrastruktur og veg har ingen merknader.

Statsforvaltaren i Vestland meiner tiltaket er i strid med regulert arealføremål, og peikar på at planendring kan vere meir formålstenleg enn dispensasjon.

Drøfting

Etter plan- og bygningslova § 19-2 kan dispensasjon gjevast dersom:

Omsynet bak føreseigna ikkje vert vesentleg tilsidesett og fordelane ved dispensasjon er klart større enn ulempene.

For at kommunen skal kunne gje dispensasjon må begge vilkåra i § 19-2 vere oppfylte.

Tiltaket har ein tydeleg funksjon knytt til drift av idrettsanlegget. Området vert allereie nytta til parkering av idrettslaget sine bussar som transporterer barn og unge til og frå aktivitetar.

Tiltaket vil:

- gje ei meir ryddig og strukturert løysing for parkering
- betre oversikt og trafikktryggleik i området
- styrke tilgjenge og deltaking i organisert aktivitet
- legg til rette for gjennomføring av aktivitetar i området rundt klubbhuset

Sjølv om tiltaket inneber varig bygningsmasse, vert det ikkje vurdert som ei privatisering av arealet, men som ei tilrettelegging for offentleg idrettsverksemd.

Kommunedirektøren vurderer at omsynet til området som aktivitets- og idrettsareal ikkje vert vesentleg tilsidesett, då:

- tiltaket støttar opp under bruken av området
- dagens bruk vert vidareført og formalisert
- løysinga bidreg til betre organisering, tilrettelegging og tryggleik

Tiltaket er avgrensa i omfang, tett knytt til eksisterande bruk og legg til rette for aktivitet som allereie går føre seg.

Kommunedirektøren vurderer difor at dispensasjon er tilstrekkeleg, og at ei planendring vil vere uforholdsmessig ressurskrevjande.

Det er lagt særleg vekt på omsynet til barn og unge da tiltaket;

- legg til rette for transport til aktivitetar
- gjer det enklare å organisere aktivitetar rundt klubbhuset gjennom betre lagringsløysingar for utstyr
- reduserer konflikantar mellom mjuke trafikantar og køyretøy

Samla sett vurderer kommunedirektøren at omsynet til barn og unge er tilstrekkeleg ivareteke.

På bakgrunn av vurderingane ovanfor meiner kommunedirektøren at begge vilkåra i plan- og bygningslova § 19-2 er oppfylte.

Miljø

Saka er vurdert etter § 8 i naturmangfaldlova. Det er registrert ein raudlista art i nærleiken av tiltaket (Fiskemåke – *Larus canus* Linnaeus). Registreringa er frå juli 2013. Då tiltaket ikkje inneber nedbygging av natur eller andre sårbare område for arten er det vurdert at den ikkje vert påverka av tiltaket.

Grunna at naturmangfald ikkje vert påverka av tiltaket, og det ikkje kan påvisast effekt av tiltaket på verdifull natur, legg kommunen til grunn at det ikkje er naudsynt å gjere vurderingar etter dei andre miljøprinsippa i naturmangfaldlova §§ 9-12.

Behov for klimatilpassing

Tiltaksområdet ligg ikkje innanfor nokon kartlagde faresoner jf. faresonekart hjå NVE.

Ein liten bit av det sørlege tiltaksområdet ligg innanfor aktsomheitsområde for kvikkleire jf. aktsomheitskart hjå NVE. Hellinga frå nordsida av Jotunhuset ned til midten av elva (Utlå) er målt til å vere 1:0,02, mykje slakare skråning enn det som normalt utløyser krav til ekstra utgreiing.

For å få dette avklart vil det bli lagt eit vilkår om at tiltakshavar må få ei godkjenning frå NVE med omsyn til aktsomheitsområdet for kvikkleire.



Juridisk vurdering

Saka er vurdert etter plan- og bygningslova § 19-2, og det er lagt til grunn at vilkåra for dispensasjon er oppfylte.

Pro et contra

Pro

- Betre tilrettelegging for drift av idrettsanlegget
- legg til rette for aktivitetar rundt klubbhuset
- Tryggare og meir oversiktleg parkering
- Styrkar transportløyseringar for barn og unge
- Formaliserer eksisterande bruk
- Meir strukturert og ryddig arealbruk

Contra

- I strid med regulert arealføremål
- Medfører varig nedbygging av areal
- Kan redusere fleksibilitet for aktivitetar
- Kan skape presedens for dispensasjon

Tiltaket har eit visst omfang og permanent karakter, men fordelane vert vurderte som klart større enn ulempene. Det er særleg lagt vekt på at tiltaket vil:

- betre drifta av idrettsanlegget
- sikre tryggare transport for barn og unge
- gi meir ordna bruk av eit areal som allereie vert nytta til parkering

Tilråding:

Formannskapet gir, med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, dispensasjon frå reguleringsplan for oppføring av carport og lager på gnr/bnr 18/138, Jotunvegen 8, med følgjande vilkår:

Vilkår:

- Bygget skal plasserast slik at samanhengande aktivitets- og ferdselsareal vert minst mogleg redusert
- Det skal takast særleg omsyn til rørslemønster i området
- Ein vurderer at tiltaket ikkje vesentleg reduserer areal for leik og aktivitet ut frå gjeldande reguleringsplan
- Parkering og manøvrering av bussar skal organiserast slik at trygg ferdsel for mjuke trafikantar vert ivareteken
- Bygget skal tilpassast omgjevnadene i skala og uttrykk
- Bygget skal nyttast til lager og til parkering av bussar og utstyr knytt til drift av idrettsanlegget
- Det er ikkje høve til anna privatiserande bruk.
- Tiltakshavar må få ei godkjenning frå NVE med omsyn til aktsomheitsområdet for kvikkleire.

11.06.2026 Formannskapet

Tilråding vart teken opp til røysting.
Samrøystes.

Fskap - 072/26 Vedtak

Formannskapet gir, med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, dispensasjon frå reguleringsplan for oppføring av carport og lager på gnr/bnr 18/138, Jotunvegen 8, med følgjande vilkår:

Vilkår:

- Bygget skal plasserast slik at samanhengande aktivitets- og ferdselsareal vert minst mogleg redusert
- Det skal takast særleg omsyn til rørslemønster i området
- Ein vurderer at tiltaket ikkje vesentleg reduserer areal for leik og aktivitet ut frå gjeldande reguleringsplan
- Parkering og manøvrering av bussar skal organiserast slik at trygg ferdsel for mjuke trafikantar vert ivareteken
- Bygget skal tilpassast omgjevnadene i skala og uttrykk
- Bygget skal nyttast til lager og til parkering av bussar og utstyr knytt til drift av idrettsanlegget
- Det er ikkje høve til anna privatiserande bruk.
- Tiltakshavar må få ei godkjenning frå NVE med omsyn til aktsomheitsområdet for kvikkleire.

Vedlegg:

Situasjonsplan - Skjerm bilde 2026.03.13 kl. 08.35.27

Tegning Ny Fasade - FASADER CARPORT BOD REVIDERT 3

Tegning Ny Plan - PLAN CARPORT BOD REVIDERT 3

Annet - Leigeavtale Jotun - kommune carport klubbhuse 10 feb 2025

Nabovarsel

Tiltakshavers samtykke

Fråsegn Vestland fylkeskommune - dispensasjonssøknad oppføring av carport - gnr. 18 bnr. 138 - Jotunvegen - Årdal kommune

Fråsegn Statsforvaltaren i Vestland - dispensasjon Årdal - 18/138 - Jotunvegen 8 - carport - lager

Planføresegner_4643_1424-2007001

Miljøplan_4643_1424-2007001